


Ruspolitisk handlingsplan 2022-2024



Innhald

Samandrag	4
1. Innleiing	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Arbeid med planen	5
1.3 Lovgrunnlag for planen	6
2. Overordna målsetjing for rusmiddelpolitikken	6
2. 1 Befolkningssamansetjing	6
2.2 Rusmiddelsituasjonen i Norge	7
2.3 Rusmiddelsituasjonen i Ullensvang kommune	8
2.3.1 Antall registrert brukarar i Rus- og Psykisk Helse - Ullensvang kommune.	8
2.3.2 Antall melde saker i Hardanger Lensmannsdistrikt 2015-2020	10
2.4 BrukarPlan	11
2.5 Ungdata- Norge	11
2.8 Uttale	13
2.8.1 Uttale frå Kommunalsjef helse - og omsorg Torbjørn Reisæter & Kommuneoverlege Daniela Brühl (februar. 2021)	13
2.8.2 Uttale frå sals- og skjenkekontrollen v/ Aslaug Margrethe Aakre (februar. 2021)	14
2.8.3 Uttale frå NAV Ullensvang v/ Gunvor S. Medhus (februar. 2021)	15
2.8.4 Uttale frå fagstab Oppvekst og utdanning (februar. 2021)	16
2.8.5 Uttale frå fagstab Kultur og idrett (mars. 2021)	17
2.8.6 Uttale frå Ullensvang Ungdomsråd (mars.2021)	17
2.8.7 Rus - og Psykisk helse v/ Synnøva Sænbø (mars. 2021)	18
2.8.8 Hardanger Lensmannsdistrikt v/ Terje Kvalvik (mars.2021)	19
3. Rusmiddelpolitiske mål og strategiar	21
3.1 Nasjonale mål og strategiar	21
3.2 Ullensvang kommune sine mål og strategiar	22
3.2.1 Visjonar og mål	22
3.2.2 Kommunale planar	23
4. Tiltak	23
4.1 Kartleggingstiltak	25
4.2 Allmennførebyggande tiltak (Universelle)	25
4.3 Førebyggande tiltak overfor risikoutsatte grupper (selektive)	27
4.3 Tiltak for oppfølging og rehabilitering av rusavhengige (indisert)	28

5. Alkoholpolitikk i Ullensvang kommune.	29
5.1 Føremål	30
5.2 Retningslinjer	31
5.2.1 Søknadar om sals- og skjenkeløyver	31
5.2.2 Høyringsinstansar for søknader	31
5.2.3 Definisjonar	32
5.2.4 Løyveperioden	33
5.3 Skjenkeløyve	33
5.3.1 Tildeling av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3	33
5.3.2 Skjenkeløyve for einskildhøve	34
5.3.3 Ambulerande skjenkeløyve	35
5.3.4 Innførsel eller tilverking av alkoholhaldig drikk for skjenking i eiga verksemd – utvida kommunalt skjenkeløyve	36
5.3.5 Skjenketider	36
5.3.6 Utviding av skjenkeområde	37
5.4 Salsløyve	37
5.4.1 Utviding av salsområde	38
5.4.2 Tilverking av alkoholhaldig drikk for sal i eiga verksemd	38
5.4.3 Salstider	39
5.5 Diverse	40
5.5.1 Delegeringsmynde	40
5.5.2 Sals- og skjenkekontroll	41
5.5.3 Samarbeid med bransjen, skjenkekontrollen og politiet.	41
5.5.4 Brot – Prikktildeling	42
6. Handlingsmodell	44
6.1 Oppfølging og førebygging - barn og unge	44
6.1.2 Universell førebygging	46
6.1.2.1 Alkoholpolitikk	46
6.1.2.2 Politirådet	46
6.1.2.3 SLT	48
6.1.2.4 Helsestasjon og skolehelsetenesten	49
6.1.2.5 Familien	49
6.1.2.6 Skule og barnehage	49
6.1.2.7 Fritid	50
6.1.2.8 Ungdomskontakt	50
6.1.3 Selektiv førebygging	51
6.1.3.1 “Tidleg intervensjon”	51
6.1.3.2 “Tidleg Ute”	51

6.1.4 Indisert førebygging	52
6.2 Oppfølging og førebyggjing - vaksne og eldre	52
Kommunen sitt oppfylgingsansvar	52
6.2.1 Tiltak	54
6.2.1.1 LAR	54
6.2.1.2 Oppfølging i bustad	54
6.2.1.3 Samhandlingsteam	55
6.2.1.4 Erfaringsmedarbeidar	55
6.2.1.5 «Vegen vidare»	56
6.2.1.6 Aktivitet / arbeid	56
6.2.1.7 Kirkens Bymisjon	56
6.2.1.7.1 Ijobb	57
6.2.1.7.2 Aktiv Odde	57
6.2.1.8 Odde By Crew	57
6.2.1.9 Oddaprodukt as	58
6.2.1.10 Anna	58
7.0 Referansar og kjelder	58

Samandrag

I arbeidet med utarbeiding av "Ruspolitisk handlingsplan for Ullensvang kommune" ser ein at ressursar knytt til det førebyggjande arbeidet er mangelfull. Meldingar frå Oppvekstsektoren tilseier at det er lite ressursar og kapasitet knytt til dette arbeidet, også for rus og psykisk helse. Kapasiteten for tilsette som skal arbeida førebyggjande er for liten. Dei fleste har andre arbeidsoppgåvar og. For å kunna driva kontinuerleg førebyggjande arbeid blant innbyggjarane, er det avgjerande at desse ansette arbeider i eigen verksemd - slik som til dømes Ungdomsteam-/ Oppsøkjande team, som rettar seg mot heile befolkninga i alle aldrar.

I tidlegare kartleggjingar kjem det fram at andel personar med utfordringar knytt til rus-/psykiatri er svært høg, sett i høve til antal innbyggjarar. Samstundes har det kome fram på BrukarPlan at Ullensvang er svært god på oppfylgging, samtalar, tverrfagleg samarbeid ol. I seinare tid har ein og hatt meir fokus på ettervern, og tiltak for personar som har vore på rehabilitering. Felles for fleire i denne brukargruppa er manglande nettverk og utfordringar med å vera i sosiale samankomstar utan å nytta rusmidler. Tur- og aktivitetsgruppene har for fleire av vore svært viktig på vegen for å halde seg rusfri.

Det er viktig at ein ser på det å vera avhengig av rus som ei samansett lidning - rus og psykiatri. Ruspolitisk handlingsplan må vere heilheitleg, tverrfagleg og tverretatleg - døme på dette er fokus på bustad, økonomi, nettverk, arbeid/aktivitet.

1. Innleiing

1.1

Bakgrunn

Etter alkohollova § 1-7d er kommunen pålagt å utarbeida alkoholpolitisk handlingsplan. I dei fleste tilfelle er det naturleg å sjå alkohol- og narkotikapolitikken i samanheng og det vert anbefalt at kommunane utarbeidar ein heilskapleg ruspolitisk handlingsplan der den alkoholpolitiske planen inngår.

Kommunen har eit stort ansvar for befolkninga, både barn, unge og vaksne. Målet er å førebyggje for kvar einskild - altså, sikra at dei aktuelle tenestene kjem inn så tidleg så mogeleg. Folkehelselova har fokus på å fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggja psykisk/somatisk sjukdom, skade eller lidning. Det er difor viktig at folkehelseperspektivet i ruspolitisk handlingsplan kjem tydeleg fram - bruk av alkohol og narkotika skal sjåast i samanheng.

1.2 Arbeid med planen

Dette er den fyrste Ruspolitiske handlingsplanen for Ullensvang kommune - tidlegare har Jondal, Odda og Ullensvang utarbeidd egne planar.

Dei siste åra har SLT (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak, barn og unge) fungert som prosjektgruppe for utarbeiding av ruspolitisk handlingsplan. SLT er ei tverrfagleg gruppe i kommunen med representantar frå politi, barnevern, oppvekst, rus- og psykisk helse som har god innsikt i aktuelle problemstillingar. Med bakgrunn i denne kompetansen og frå tidlegare erfaring, vil rådmannen halda fram med denne praksisen.

Arbeidsgruppa har slik samansetjing:

- Stig Hope - Samfunnssikkerhet - og beredskap & SLT- koordinator.
- Anne Hansen - Rådgjevar Folkehelse
- Ingvild Sæbø Nilsen, Ruskonsulent v/ Rus- og Psykisk helse avd. Odda.
- Vidar Litle-Kalsøy - Kommunekontakt v/ Hardanger Lensmannsdistrikt.

1.3 Lovgrunnlag for planen

- • Lov om omsetning av alkoholholdig drikk (alkohollova), av 02. juni 1989 nr. 27
- • Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften) av 01. januar 2006
- • Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008
- • Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 24. juni 2011
- • Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) av 24. juni 2011
- • Lov om barneverntjenester (barnevernloven) av 17. juni 1992
- • Lov om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven) av 05. august 1994
- • Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykisk helsevernloven) av 01. januar 2002
- • Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven) av 01. januar 2010
- • Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven) av 24. juni 2011 nr. 30

2. Overordna målsetjing for rusmiddelpolitikken

Å førebyggje, og redusera negative konsekvensar av alkohol og andre rusmidlar for enkeltmenneske, pårørande og samfunnet.

2. 1 Befolkningssamansetjing

Folketalet i Ullensvang kommune har dei siste åra vore prega av nedgang. I 2020 var det til saman busett 11047 personar i den nye kommunen. Dette fordeler seg slik: Jondal 1100, Ullensvang 3411 og Odda 6678 innbyggjarar.

Befolkningsframskrivingar er berekningar av korleis befolkninga utviklar seg framover med ulike føresetnader som fruktbarheit, dødelegheit, flytting, innvandring og utvandring. I fylgje SSB skal folketalet i 2040 vera omtrent likt som 2. kvartal 2019. Statistikk.i.vest. fylkeskommunen teiknar eit heilt anna bilete, grunna nedgang i fruktbare kvinner som igjen vil føra til sterk nedgang i fødselstala.

Det er særleg aldersgruppa 20-29 år som vert redusert, den største auka er i aldersgruppa 80+. Det har vore stor nedgang i barnefødsler i dei tre kommunane. I 2000 vart det i dei tre kommunane fødd til saman 153 barn, i 2019 92 barn. Forventa levealder for kvinner i 2018 er 84,5 år, for menn 80 år. Det har vore fleire som flyttar ut av kommunen enn inn i kommunen. i 2018 er det busett 1181 innvandrarakar, 10,6% av befolkninga, dei fleste er arbeidsinnvandrarakar. Dei fleste i Ullensvang kommune har fullført vidaregåande eller høgare utdanning, her ligg vi høgare enn landssnittet.

<https://ullensvang.kommune.no/?article=folkehelseoversikt-for-ullensvang-kommune-2020>

2.2 Rusmiddelsituasjonen i Norge

Befolkninga si helse er ei av dei viktigaste ressursane i samfunnet. Å ta hand om innbyggjarane si helse er ein viktig del av kommunene sitt ansvar. I dag er det ein auke i ikkje smittsame livsstilssjukdomar som følgje av usunt kosthald, inaktivitet, tobakk og alkohol. Som rusmiddel reknar vi alkohol, vanedannande legemiddel og ulovlege rusmiddel som mellom anna cannabis, amfetamin, heroin og kokain.

I fylgje Folkehelseinstituttet og folkehelse rapporten frå 2018 er bruken av alkohol og andre rusmiddel slik: Vi drikk i gjennomsnitt nesten 7 liter rein alkohol per år, rekna per innbyggjar over 15 år. Det registrerte forbruket auka kraftig frå 1990 og fram til 2008, men har deretter gått noko ned. Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner. Eldre drikk oftare, men mindre alkohol enn yngre. Vi drikk vesentleg mindre alkohol i Norge enn i dei fleste europeiske land, rekna per innbyggjar på 15 år og over. Cannabis er det mest brukte narkotiske stoffet i den norske befolkninga. Kokain er det nest mest brukte rusmiddelet, etterfølgt av ecstasy/MDMA og amfetaminar. Dette viser undersøkingar i den generelle befolkninga og i utelivsbransjen. Det har truleg vore ein auke i bruken av ecstasy/MDMA dei siste åra, noko som vert underbygd av ein auke i talet på beslag.

Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er noko av dei viktigaste risikofaktorane for død og tapte friske leveår i befolkninga. Alkohol er årsaka til betydeleg meir

helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk. Mest utsett for problem er dei som har eit høgt alkoholinntak over tid og/eller høge inntak per gong. I 2016 hadde litt over 80 prosent av vaksne drukke alkohol i løpet av det siste året. Dei ti prosentane som drikk mest, står for om lag halvparten av det totale forbruket.

Personar som misbrukar alkohol, har ofte fleire psykiske sjukdomar, som depresjon og angstlidingar, i tillegg til svekkja fysisk helse. Dei har òg ein auka risiko for tidleg død. Alkoholbruk kan vera ein direkte eller indirekte årsak til mange ulike sosiale skadar og skadar på tredjepart. Det kan til dømes vera barn som lid under alkoholbruken til foreldra, fosterskadar, offer for promillekøyning, alkoholrelatert valdsbruk og negative konsekvensar for arbeidslivet, mellom anna i form av sjukefråvær og tapt produktivitet (Nutt,2010)<https://www.fhi.no/nettpub/hin/levevaner/alkohol-og-andre-rusmidde-l--folkehe/>

2.3 Rusmiddelsituasjonen i Ullensvang kommune


Livsstilssjukdomar som fylgje av usunt kosthald, inaktivitet, tobakk og alkohol er ei utfordring i Ullensvang kommune som elles i Norge. Kommunen har eit stort ansvar og stor fridom til å utforma eigen lokal alkoholpolitikk innanfor statlege føringar. I januar 2020 vart tre kommunar til ein kommune. Jondal kommune, Ullensvang herad og Odda kommune vart til Ullensvang kommune. Det vi veit når det gjeld rusmiddelsituasjonen for nye Ullensvang kommune er tal frå Folkehelseinstituttet sin folkehelseprofil, Vestland fylkeskommune og Ungdata.

2.3.1 Antall registrert brukarar i Rus- og Psykisk Helse - Ullensvang kommune (februar 2021).

Aldersgruppe	Menn	Kvinner	Begge
7- 17 år	0	1	1
18-30 år	18	26	44

31- 49 år	58	43	101
50- 66 år	40	22	62
67 -74 år	5	3	8
75- 79 år	2	4	6
80- 84 år	0	2	2
85- 89 år	0	1	1
Totalt	123	102	225

Antall registrerte brukarar - Rus- og Psykisk Helse Ullensvang kommune



* Antall brukarar er noko høgare- i journalsystemet blir brukarar som nyttar seg av fleire tenester ikkje tatt med på denne statistikken. Ca. total antall i heile Ullensvang


kommune er 250.

2.3.2 Antall melde saker i Hardanger Lensmannsdistrikt 2015-2020

Melde saker i Hardanger Lensmannsdistrikt 2015-2020

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Økonomi	12	53	49	30	45	35
Vinning	169	132	118	85	99	62
Vold	57	56	34	37	58	42
Sedlighet	14	11	21	32	13	13
narkotika	83	69	42	46	31	70
Skadeverk	22	30	23	17	34	21
Trafikk	222	248	207	237	214	287
Andre	86	122	95	105	107	117
Totalt	665	721	589	589	601	647

Andre saker er: Miljø, arbeidsmiljø undersøkelsessaker og annet



2.4 BrukarPlan

BrukarPlan er eit verktøy for å kartleggje omfanget av rus- og psykiske utfordringar blant tenestemottakarane i kommunen (Napha.no, 2015). Resultata av kartleggjinga gjev informasjonsgrunnlag for planleggjing og dimensjonering av framtidige tenester. Føremålet er å sikre best mogeleg målretta og kostnadeeffektiv bruk av tilgjengelege ressursar.

Verktøyet er utvikla av Helse Fonna, IRIS og KORFOR - og er godkjend av Datatilsynet for kvalitetssikring, utvikling og planlegging av tenester. Ullensvang kommune har endå ikke kartlagt andel brukarar, men i tidlegare Odda, Ullensvang Herad og Jondal har kartleggjing vore gjennomført annakvart år.

2.5 Ungdata- Norge

Spørjeundersøkinga Ungdata er ei lokal spørjeundersøking for barn og ungdomar over heile landet. Ungdata undersøkinga 2019 på nasjonalt nivå viser at bruken av rusmidlar aukar markant gjennom tenåra. Medan det er relativt uvanleg for ungdomsskuleelevar å ha drukke seg berusa, er det eit fleirtalfenomen blant elevane på vidaregåande. På liknande måte er hasjrøyking eit marginalt fenomen blant de yngste tenåringene medan det er meir utbreiddt på videregåande. Det er også langt fleire på videregåande enn på ungdomstrinnet som røykjer sigarettar og snuser.

Årets tal viser at det har vore ei auke både i andelen som har prøvd slike stoff, og andelen som har vorte tilbode hasj eller marihuana. Auka er mest markert blant gutar på videregåande, der andelen som har prøvd cannabis har auka frå 14 til 18 prosent på tre år. De siste tala viser at det også har vore ei auke for jenter og blant elevar på ungdomstrinnet. Bruken av cannabis aukar markant med alder, og det er langt flere gutar enn jenter som har brukt cannabis. På slutten av videregåande har 25 prosent av gutane og 13 prosent av jentene

prøvd hasj eller marihuana i løpet av det siste året. Også andelen som har vorte tilbode cannabis, aukar i alle aldersgrupper og for begge kjønn. Blant gutane på videregående er det no nesten halvparten som har vorte tilbode dette stoffet minst ein gong i løpet av det siste året før undersøkelsen vart gjennomført.

Undersøkelser dei siste to tiåra har vist ein nedadgåande trend i alkoholbruk blant ungdom. Dei siste åra tyder på at denne utviklinga har flata ut. På videregående har det blant gutar vore ein liten auke i andelen som har vore berusa, medan tala for jentene har vore uendra. Haldningane til det å være berusa har derimot endra seg noko. Både på ungdomstrinnet og på videregående har det vore ei auke dei siste åra i kor mange som meiner at det å drikke seg full er noko som aukar statusen i vennemiljøet.

På tobakksområdet har trenden dei seinere åra vore at stadig færre ungdomar røykjer sigaretter og snusar. Årets tal tyder på at trenden med synkjande røyketal har flata ut. Tendensen til utflating finn vi også for snusing, med ein fortsatt liten nedgang blant jenter på videregående. Dei siste tala viser at det no er to til tre prosent av ungdomsskuleelevene som røykjer dagleg eller kvar veke, og berre litt fleire som brukar snus. Det er likevel ein del som brukar tobakk på vidaregåande, og gutar i større grad enn jenter. Mot slutten av tenåra snusar ein av fire gutar jevnleg, medan ein av tolv gutar røykjer sigarettar.

Ungdata - Ullensvang kommune

I denne undersøkjinga er det tal frå dei tre tidlegare kommunane. Det vert gjennomført Ungdata i 2021 for alle skulane i kommunen. Lokalt er det ei auke i bruk av alkohol blant unge, dette i form av festing i helgene. Det er 32% av jentene og 21% av gutane på 10. trinn som har vore tydeleg rusa det siste året i tidlegare Odda kommune. I Ullensvang herad var det 24% av gutane og 14% av jentene på 10. trinn. For Jondal har vi ikkje tal.

Bruken av hasj og marihuana ligg likt med nasjonalt nivå der 3% seier dei har brukt dette ein eller fleire gonger det siste året. Odda har tradisjonelt hatt store utfordringar på dette rusområdet, kommunen og tenesta rus og psykisk helse

arbeider særst aktivt på området.

https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Odda_2017_Ungdomsskolen_Kommune.pdf

https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Odda_2017_Videregaende_Kommune.pdf

2.8 Uttale

2.8.1 Uttale frå Kommunalsjef helse - og omsorg Torbjørn Reisæter & Kommuneoverlege Daniela Brühl (februar. 2021)

Førebyggjing må vere eit overordna prinsipp i all innsats på rusområdet. Kontrolltiltak må vere tilstades for å minske tilgang og skadeverknader- samstundes må behandling setjast inn for å avgrensa rusmiddelskadane.

Ofte vert førebyggjing, kontrolltiltak og behandling oppfatta som ulike satsingsområde som ikkje har noko med kvarandre å gjere - ein heilskapeleg alkoholpolitikk må sjå desse i samanheng.

Folkehelsearbeid er tiltak og tilretteleggjing som direkte eller indirekte fremjar helse og trivnad, førebyggjer sjukdom, skade eller liding, vern mot ytre helsetruslar eller som gjev ei betre fordeling av faktorar som påverkar helsa. For kommunen er det eit mål å redusera dei skadeverknadene alkoholbruk påfører den einskilde, deira familie og samfunnet.

Rusmiddelførebyggjing handler om å skapa gode og trygge oppvekstvilkår for barn - og unge, førebyggje sjukdom og skader - der ein utviklar eit samfunn som legg til rett for sunne levevaner, som fremjar inkludering og deltaking. Ein god heimesituasjon, god barnehage, kvalitet i skule - og skulefritidordninga må til, for å skapa trygge rammer for unge menneske og verna dei mot åtferd som fører inn i rus og kriminalitet. Dette er forhold som kommunen kan påverka og utjamna.

Bumiljø og møtestader som er prega av negativ rusbruk må kartleggjast og det må arbeidast aktivt for å hindra rekrutering , og samstundes betra livssituasjonen til utsette grupper. Arbeidet er krevjande, der det lokalt er gjort mykje bra m.a gjennom samarbeid med Fylkesmannen, Kirkens Bymisjon. Slike tiltak må utviklast -/ vidareførast.

Gode, og varierte møteplassar i kommune - og bygdesentra. Det er ynskjeleg med føreseilege retningslinjer for butikk- og serveringsbransjen, samt likebehandling av desse. Kommunen er

oppteken av å hindre diskriminering og sikre tilgjenge for alle. Brot på diskriminerings- og tilgjengelegheitslova må ikke skje - kravet i lova om universell utforming skal ivaretaast. Det skal vere eit felles ansvar mellom løyvemynde og løyveinnhavar, samt andre aktørar som har sitt virke opp mot "utelivet". Kommunen vil tilretteleggje for eit godt samarbeid med dei aktuelle aktørane i serveringsbransjen, ved å ha felles møte for utveksling av informasjon, erfaringar og oppdateringar.

For kommunen er barn-, unge - og vaksne viktige i det førebyggjande arbeidet. Faktabasert dialogmøte med ungdom og foreldre er tiltak som bør vidareutviklast. Det er også viktig å oppretthalde familie-, idretts - og fritidsarrangement som er retta inn mot barn og unge som alkoholfrie soner. Merksemd kring natt til 1. - og 17. mai som har vore utfordrande for skuleungdom knytt til rus. Arenaer og arrangement kan vere ein stad for uheldige rusepisodar - som tiltak bør ein møte denne utfordringen og ha ein god strategi. Erfaringar er at tiltak som 16. mai i Kinsarvik og andre arrangement for ungdom er avgjerande for det førebyggjande arbeidet.

2.8.2 Uttale frå sals- og skjenkekontrollen v/ Aslaug Margrethe Aakre (februar. 2021)

Alkoholova sitt føremål § 1-1 er i størst mogeleg grad å begrensa dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føra til. Som eit ledd i dette siktar lova på å begrensa forbruket av alkoholhaldige drikkevarer. Ullensvang kommune si overordna målsetjing med den lokale alkoholpolitikken, er sett med utgangspunkt i formålsparagrafen. Kommunen skal gjennom løyvepolitikken ha som mål å begrensa størst mogeleg grad dei individuelle og samfunnsmessige skadevirkningane alkoholbruk kan vera.

Viktige delmål er å begrensa tilgjenge av alkohol for barn - og unge. Samstundes bevara alkoholfrie arenaer i kommunen. Det er vidare ei målsetjing å føra ein løyvepolitikk som fremjar gode rammevilkår, likebehandling og forutsigbarheit for næringslivet.

Alkoholpolitikken blir forvalta med noko motstridane hensyn. Me veit at bruk av alkohol kan påføra samfunnet og mennesker store lidningar. Samstundes er alkohol ei lovleg vare, som er sosialt akseptert i fleire samanhengar og det er i tillegg arbeidsplassar-/ inntekter knytt til omsetjing av alkohol. Ullensvang kommune skal føra ein løyvepolitikk som balanserer desse hensyna på ansvarleg måte - tilrettlegging for ei sunn og profesjonell næring. Kommunen med innbyggjarar-/turistar kan dermed nytta godt av variert utval av serveringsplassar.

Kommunen har ynskje om å samarbeida med løyvehavarane, slik at gjeldande retningslinjer vert fylgd. Minst ein gong i året har kommunen møte med næringa, politi og skjenkekontrollen. Her tek me opp utfordringar me opplever, i tillegg til å gå gjennom regelverket. Dette er ein fin måte å få dialog med skjenkenæringa på.

Kommunen har ansvar for kontroll med utøvinga av dei kommunale sals- og skjenkeløyvene, jf. alkoholova § 1-9 og alkoholforskrifta kap. 9. Forskrifta seier at sals- og skjenkestadene skal kontrollerast så ofte som behovet tilseier, men minst ein gong kvart år. Det skal kontrollerast tre gonger meir enn det er sals- og skjenkestader - kontrollen skal gjennomførast av skjenkekontrollen i Kvam Herad. Kvart 4. år vert nye alkoholpolitiske retningslinjer vedteke av kommunestyre.

2.8.3 Uttale frå NAV Ullensvang v/ Gunvor S. Medhus (februar. 2021)

NAV Ullensvang er styrt av fleire lovar- mellom anna Lov om sosiale tenester i NAV:

“Formålet i Lov om sosiale tenester i NAV er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet”.

Lova skal bidra til likeverd og likestilling, samt førebyggje sosiale problemer.

NAV Ullensvang har den siste tida hatt fokus på familiar med barn under 18 år som søker sosialstønad, og har starta på eit kartleggingsarbeid for å bidra til at foreldra får ein meir stabil økonomi, og ein tryggare oppvekst for borna. Det vil på sikt kunne føre til borna fullfører skulegang, og byrjar i ordinært arbeid.

NAV Ullensvang har også fokus på å møte ungdom som droppar ut av vidaregåande skule. Ofte har ungdom som ikkje fullfører vidaregåande skule store utfordringar i heimen. NAV forsøker å hjelpe desse ungdommane over i arbeid så raskt som mogeleg, for å hindre ledigheit over lang tid. Det er heilt vesentleg at tenestene i kommunen arbeider saman med å hjelpe desse ungdommane, og “fangar” det opp før dei fell ut av skulen. Rus kan vere nokre av utfordringane knytt til denne brukargruppa, men også i familiane deira. Tidleg- og tverrfagleg innsats i familiane vil vere vesentleg for å bryte sosial arv, og hindre “drop-out” frå skulane. Samstundes at dei kjem seg raskt ut i aktivitet eller arbeid, og kan forsørgje seg sjølv. Gjennom aktivitetsplikt for ungdom under 30 år, er NAV forplikta til å følgje opp ungdom som søker sosialstønad, dette ved avtalt aktivitet-/arbeid. Me har eit tett og godt samarbeid med Kirkens Bymisjon og Muligheten i Kinsarvik, som gjer eit godt arbeid med å fylgje opp ungdommane, og ein ser at fleire kjem seg vidare i jobb.

NAV Ullensvang deltek også i Samhandlingsteam- som er eit samarbeidsprosjekt mellom Ullensvang kommune og spesialisthelsetenesta. Samhandling og samarbeid på tvers av tenesten er nøkkelen til å lykkast med førebygging og innsats for å hjelpa personare med rus- og psykiske lidningar.

2.8.4 Uttale frå fagstab Oppvekst og utdanning (februar. 2021)

Mange ulike miljø jobbar med førebyggjing av rusbruk. Kommunal sektor for oppvekst og utdanning har som oppgåve å bidra til at alle som veks opp i Ullensvang kommune, får ein trygg og god oppvekst og kan klara å meistra utfordringane i kvardagslivet. Barnehagane arbeider med inkluderande læringsmiljø, det gjer at dei har eit godt utgangspunkt for å fylgja opp endringane i barnehagelova som kom 01.01.21. Endringane krev at barnehagane jobbar systematisk og førebyggjande for å skapa eit trygt og godt miljø der barna trivst og er sosialt inkludert. Rammeplanen stiller allereie krav om dette, men no er det òg lovfesta ei aktivitetsplikt som synleggjer plikta til alle tilsette til å leggja til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø.

Nasjonale retningslinjer fastslår at skulen skal fremja god helse og bidra til ein positiv personleg og sosial utvikling hos elevane, og gjennom dette førebyggja forhold som rusproblematikk, psykiske lidningar, kriminalitet og liknande. I opplæringslova § 9A heiter det at alle elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Dette blir underbygd i det nye Læreplanverket LK20 for Kunnskapsløftet der det i fleire av fagplanene blir uttrykt at elevane skal utvikla ein helsefremjande livsstil og læra å ta vare på eiga psykisk - og fysisk helse. Rusførebyggjing er ein del gjennom det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring. All undervisningsaktivitet i grunnskulen må ha forankring i læreplanverket. Per dato har ikkje skulane i Ullensvang eit fast felles opplegg om rusførebyggjing. Fleire av skulane har lokale tiltak og undervisningsopplegg som dei gjennomfører regelmessig på bestemte årssteg.

God samhandling og tverrfagleg tilnærming rundt barn og unge som har spesielle behov for koordinerte tenester er nødvendig. Arbeidet med dette er forankra i oppvekstplan for perioden 2020-2025, og spesielt i satsningsområdet "Samhandling rundt utsette barn og unge - fokus på arbeidsmetodikken Betre Tverrfagleg Innsats (BTI)." På nettsida ullensvang.betreinnsats.no (BTI) finn ein verktøy som kan vera til hjelp for innbyggjarane i Ullensvang og dessutan tilsette som jobbar med barn og unge.

[Oppvekstplan](#) skal gje dei som er tilsett i sektor for oppvekst og utdanning ei felles plattform, med felles fokusområde, som skal sikra ein felles praksis for samarbeidet rundt barn og unge på alle nivå. Oppvekstplan tydeleggjer korleis kommunen skal sikra kvalitet og etterleva dei nasjonale og kommunale krava og forventningane som er retta mot tenester innan sektoren.

Alle vaksne og ungdommar kan bidra til trygg oppvekst og gode ungdomsmiljø. Alle bør bry seg om barn og ungdom og kan hjelpa til med å førebyggja misbruk og feil val av livsstil for både unge og vaksne. Ved å inkludera, arrangera og bry seg om andre i lokalmiljøet eller i samfunnet kan ein bidra til at barn og ungdommar som veks opp, ikkje tek val som kan få store konsekvensar for vidare deltaking i samfunnet.

2.8.5 Uttale frå fagstab Kultur og idrett (mars. 2021)

Ullensvang kommune skal vera ein aktiv tilretteleggjar, og tilbodet innan kultur og idrett skal nå breitt ut og vera inkluderande. Eit nært og godt samarbeid med frivillig sektor, samt private aktørar, er med på å mogleggjera gode nærmiljø og møteplassar - organiserte og uorganiserte, for innbyggjarar i alle aldersgrupper. Dette er gode tiltak for å førebyggja einsemd, psykiske helseutfordringar og rusmiddelbruk.

Det er eit tverrfagleg ansvar å skapa eit godt, aktivt, inkluderande og trygt oppvekstmiljø, og førebyggja rusbruk blant unge i kommunen. Kultur og idrett har barn og unge som viktigaste målgruppe. Dei skal prioriterast gjennom den kulturelle grunnmuren med kulturskule, bibliotek, solide rammer til idrett og anna organisert aktivitet, og i anleggsutvikling i heile kommunen. Born og unge som får ta del i allsidig aktivitet og fellesskap med andre, vil ha større sjanse til å unngå uheldig rusrelatert atferd.

Me må ha eit ekstra fokus på ungdom som fell utanfor eller sluttar med organisert aktivitet, og me må ha fokus på inkludering, slik at alle får sjansen til å delta uavhengig av bakgrunn og økonomi. Dette har me prioritert i Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv med fokus på allaktivitetsanlegg, nærmiljøanlegg og fleiraktivitetssalar som inkluderar både nye aktivitetsformer og eigenorganisert aktivitet. Det er særskild viktig å skapa møteplassar der ungdom kan vera saman med vener, noko som er etterlyst og sakna. Det er også viktig at born og unge vert tekne aktivt med i samskaping og planleggjing av aktivitetar og tilbod retta mot deira gruppe.

Kva strategiar og tiltak som Kultur og Frivillighet skal setja i verk i komande planperiode vert meir spesifisert i plan for Kultur og plan Frivillig og Samspel strategi som kjem i 2021.

2.8.6 Uttale frå Ullensvang Ungdomsråd (mars.2021)

Ullensvang ungdomsråd meiner det er viktig at kommunen har innsikt i kva unge gjer på, kva tilbod som er etterspurde, og arbeida for å etablera trygge arenaer for unge, og som dei ynskjer å oppsøkjja. Å ha tilbod og stader der me kan møtast, er gode førebyggjande tiltak. Til dømes er det viktig at det er eit tilbod om ungdomsklubb på dei ulike plassane i vår kommune, samt at fritidsaktivitetar burde vera lettare tilgjengeleg for fleire. Mange unge nyttar seg av rusfrie arrangement som 16. mai og LAN, og me meiner at dette er noko det burde vera meir av i vår kommune.

Me som ungdom veit lite om kva som finst av rusførebyggjande tiltak hos oss. Me meiner at skulane burde vore forplikta og nytta som ein arena, for å få denne informasjon ut til alle. Det er og viktig å få informasjon om kva som er å finna, og ha eit synleg støtteapparat, der ungdom lett kan ta kontakt/be om hjelp. Me vil anbefala eit

godt samarbeid med t.d politi, barnevern eller personar med erfaring i opne samtalar i undervisinga, - informera om konsekvensar, men og arbeida mot usunne fordomar, og gje unge trygge plassar der dei kan føla seg sett og få hjelp. Det bør og vera gode tilbod når det kjem til skulehelsetenesta, psykisk helse tilbod, rådgivar - lett tilgjengeleg og låg terskel for å ta kontakt.

Ullensvang kommune bør arbeida for å få fleire ungdomskontaktar eller andre personar ungdom kan forhalda seg til. Ein ungdomskontakt må vere lett tilgjengeleg og synleg alle stader der dette er nødvendig. På tilstelningar og område der born og unge samlast, er det viktig at ein har eit lågterskel tilbod til å komme i kontakt med ungdomskontakten. Ein ungdomskontakt bør og vera tilgjengeleg på skulane, dei kan vera ein trygg person som er synleg og tilgjengeleg. Ungdomskontakten kan følgja opp ungdomar som ikkje har det så bra på skulen eller ofte ikkje møter på skulen i det heile. Dei kan og koplå unge opp til andre tenester som kan vere bra for dei - aktivitetar, grupper osv. På denne måten er dei ei viktig brikke i det førebyggjande arbeidet.

Bygdefestar er ein tradisjon i fleire av bygdane i vår kommune. Dette er festar som har lang tradisjon kor ungdom som er konfirmert har vore velkomne og me ynskjer at dette skal vidareførast. Dette er festar med underhaldning, mat, musikk og dans. Her har arrangørane eit stort ansvar for å tilrettelegga for at dei under 18 år kan delta, men hindra at mindreårige får tilgang til alkoholhaldig drikk. Dette generer eit stort ansvar for arrangørane, men og for foreldre med ungdom i aldersgruppa 15-18 år. Det er tradisjon at både gamle og unge deltek på bygdafestar. Ein bygdafest vil difor vera ein plass kor gamle og unge i lag kan vera på dans, ein plass kor vaksne har oppsyn med ungdomane, ikkje ein plass kor me kan gøyma oss vekk å drikka alkohol i smug. Bygafestane kan vera med å skapa openheit og inkludering i samfunnet, og opplæring og destigmatisering er viktigare enn nokon gong.

2.8.7 Rus - og Psykisk helse v/ Synnøva Sæbø (mars. 2021)

Målet for tenesta er å sikra:

Eiit godt koordinert tenestetilbod, som fremjar sjølvstende, tilhøyring og evna til å meistra eige liv, for menneske med psykiske lidingar og rusmiddelavhengheit

Helsefremming og førebyggjing er langtidsarbeid, og det er viktig å sjå til at lokalsamfunnet er den viktigaste arenaen - knytt til helsefremjing og førebyggjing

Det er viktig å leggja tilrette for tiltak som ivaretek heile familien, samt at ein hindrar sosiale ulikheiter. Rusmiddelførebyggjing handlar og om å skape gode og trygge oppvekstvilkår, samt leggja tilrette for eit inkluderande og deltakande helsefremmande samfunn.

Vi må leggja tilrette for ein solidarisk og heiskapleg ruspolitikk- der hensynet til dei som lid av eigen -/andre sin rusbruk vert sett høgt. Tilgjenge av rusmidlar påverkar forbruk, som igjen påverkar folkehelsa. Førebyggjing må difor prioriterast - tidleg inn med tiltak, som vi m.a har fått til ved "Tidleg ute"

Rus -og psykisk helse rettar seg mot menneske med psykiske lidingar og rusmiddelavhengige og / eller dei som står i fare for å utvikle psykisk sjukdom eller rusrelaterte problem. Vi kan tilby samtalerapi, støtte og rettleiing, bustadsosial oppfølging, koordinering av tenester. Det er viktig å ha ei aktiv oppsøkjande teneste som møter brukar der han er.

I løpet av dei siste åra har det vorte store endringar i tiltak som imøtekjem behova til rusmiddelavhengige i Ullensvang kommune. Odda har hatt den desidert største registrerte rusprevalensen i Noreg; Resultata i Brukarplan har vore grunnlag for utvelgjing av satsingsområde - kvar ein må styrkja tiltak i oppfølging av rusmiddelavhengige. Etter at staten overtok behandlingsansvaret for rusmiddelavhengige, har det vorte vanskelegare å få plass i behandling ved at det er lange ventelister, noko som ofte fører til at motivasjonen forsvinn. Vidare har behandlingsopphalda vorte kortare, og meir ansvar vert lagt til kommunane, både før og etter behandling i 2.linje tenesta (institusjonsopphald o.l.)

Det å ha eit eige tenesteområde som har fått lov til å ha rus som hovudfokusområde, er eit gode, men og ei utfordring, då det ofte vert sett urealistiske krav og forventingar til tenesta. Dette fører til større krav til kommunen, både i forhold til kompetanse og utvikling av tenestetilbodet. Rusavhengigheit må møtast med behandling, då rusproblem er eit helseproblem som må behandlast deretter.

Kommunen skal ha oppfølging med alle uansett ståstad. Det er viktig å ha eit godt fungerande tverrfagleg samarbeid, der ein har ei felles forståing for kvarandre sine ansvarsområde, både internt i kommunen, og i mellom kommunen og eksterne samarbeidspartnarar. Noko som vi m.a har fått til gjennom oppretting av samhandlingsteamet ved Folgefonn DPS.

2.8.8 Hardanger Lensmannsdistrikt v/ Terje Kvalvik (mars.2021)

Skadar som følgje av alkoholbruk er framleis dominerande innan rusproblematikken i det norske samfunnet, så også i Indre Hardanger og Ullensvang kommune. Misbruk av narkotika er også eit stort problem, særleg i tettstaden Odda, der det over tid har vore eit etablert miljø.

Alkohol

Hardanger lensmannsdistrikt har det siste året registrert få eller ingen problem knytt til skjenkestadene i distriktet. Pandemien og smitteverntiltak er noko av forklaringa på dette. Reduksjon i talet på skjenkestader, særleg i Odda, spelar òg inn.

Det er heller ikkje nemneverdige problem knytt til tradisjonell omsetnad i butikk og ved vinmonopolet sitt eige utsal i distriktet. Auka produksjon og engasjement rundt produksjon og omsetjing av sider er det nye innslaget i distriktet. Det er så langt ikkje registrert utfordringar knytt til denne aktiviteten. Me bør likevel vera tett på denne utviklinga, slik at me unngår utilsikta følgjer. Det er etter kvart svært mange løyve til slik produksjon og omsetjing.

Siderproduksjon i Hardanger har lang tradisjon i privat regi, og er, i lag med ølbrygging, å rekna som ein del av vår lokale kultur. Ølbrygging skjer i dag i avgrensa omfang og mest i privat regi, sjølv om me har nokre produsentar på dette feltet også.

Når det gjeld siderproduksjon og omsetjing, har politiet dei siste åra fått informasjon om at det skjer ulovleg produksjon og omsetjing. Meldingane er ikkje verifiserte, og har til no ikkje ført til saker. Politiet utelukkar ikkje at dette skjer, men er usikre på omfanget. Det er uansett viktig at ein er klar over dette, og at innbyggjarane vert oppmoda om å melda frå. Ein vil tru at useriøse aktørar på litt sikt lett kan setja næringa i eit uheldig ljøs.

Vidare bør ein ha fokus på skjenking og vakthald ved skjenkestadene. Det må stillast tydeleg krav til driftskonsept og utarbeiding av risikovurdering for dei aktivitetane ein planlegg. Det er god førebygging å ha eit medvite tilhøve til dette, og det bør vera dokumentert før skjenkeløyve vert gjeve.

Når det gjeld bygdedansar og arrangement med alkoholserving, er politiet framleis av den oppfatning at aldersgrensa skal vera 18 år.

Narkotika

Det er diverre framleis grunnlag for å seia at narkotika er eit særskild problem i Ullensvang kommune. Statistikken for 2020 stadfestar dette nok ein gong med om lag 70 registrerte saker. Derav kjem fleire større beslag av amfetamin, kokain og hasj, samt innslag av dei fleste andre stoff, samla sett tett oppunder 10 kg. Dei to største beslaga av hasj og kokain var nok ikkje meint direkte for Hardanger, men for Bergens-området.

Ruskøyring

Statistikken på dette feltet viser ein klar auke frå 18 saker i 2019 til 26 i 2020. Når det gjeld førebyggjande arbeid, er det viktig å ha fokus på køyring i ruspåverka tilstand. Betre tilgang på testapparat for påvising av anna påverknad enn alkohol, er truleg litt av forklaringa på auken i statistikken.

Politiet nasjonalt og lokalt er sterkt uroa over situasjonen kring nyrekruttering i høve narkotika og eventuelle følgjer som ei avkriminalisering vil få. Uansett er god førebygging generelt i høve bruk og misbruk den beste metoden me har for å skapa gode og sunne haldningar. Hovudarenaen for å byggja haldningar er, etter mi oppfatning, i heimen. Erfaringa syner at det utfordrande å ta igjen det tapte på dette feltet for samfunnsaktørar som skule, rusomsorg og

politi.

Politiet har førebyggjande arbeid som hovudstrategi nedfelt i føringar frå sentralt hald. Lokalt i Hardanger er me godt i rute på dette området. Førebygging har høg prioritet, og samarbeidet med ny kommune står sterkt.

Vinningskriminaliteten er over tid redusert merkbar. Det er låg rekruttering og registrert få førstegongskriminelle i distriktet. I sum er det ei positiv utvikling.

Tiltak

- Hindra rekruttering – skapa god haldningar
- Fokus på føresettrolla som førebyggjar
- God samhandling i regi av SLT (Samhandling av Lokalitetsførebyggjande Tiltak) på tvers av etatane
- Systematisk bruk av bekymringssamtalar i regi av politiet
- Fokus på skjenkestader, konsept og organisering/vakthald

3. Rusmiddelpolitiske mål og strategiar

Verdigrunnlaget for norsk rusmiddelpolitikk dreier seg om omsorg for enkeltmenneske og om samfunnet si evne til solidaritet. Mennesket si rett til verdighet, og i dei mest krevjande situasjonane. I dei nasjonale mål for folkehelse og helse - og omsorgstenesta står forebyggjing og tidleg innsats sentralt når det gjeld rusmiddelpolitikken. I tillegg vert det vektlagt vidareutvikling og styrking av behandlingstilbuda i kommunen og spesialisthelsetjenesta. Det er flere nasjonale reformer, veiledarar og strategiar på rusfeltet som legg føringar for den kommunale innsatsen på rusfeltet.

3.1 Nasjonale mål og strategiar

Relevante lover og forskrifter;

Opptappingsplanen for rusfeltet (2016-2020)

Opptappingsplanen mot vold og overgrep (2017-2021)

Opptappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019-2024)

Nasjonal overdosestrategi 2019-2022

Bolig for velferd 2014-2020

Folkehelseloven (prop.90): integrere rusmiddelbruk og rusmiddelforebygging i alle ledd i det systematiske folkehelsearbeidet

Regjeringa ynskjer ein helhetlig opptrappingsplan som tar for seg dei tre innsatsområder tidlig innsats, behandling og ettervern/oppfølgingsteneste, med fem hovedmål:

Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016-2020) har følgjande fem hovedmål:

1. Sikre reell brukarmedverknad gjennom fritt behandlingsvalg, fleire brukarstyrte løysningar og sterkare medvirkning ved utforming av tenestetilbudet.
2. Sikre at personer som står i fare for å utvikle eit rusproblem skal bli fanga opp og få hjelp tidleg.
3. Alle skal møte eit tilgjengeleg, variert og heilheitleg tenesteapparat.
4. Alle skal ha ein aktiv og meiningsfylt tilvere.
5. Utvikle og auke bruken av alternative straffereaksjoner og straffegjennomføringsformer.

3.2 Ullensvang kommune sine mål og strategiar

3.2.1 Visjonar og mål

Ullensvang sine mål er å tidleg avdekka dei utfordringane og ynskja som innbyggjarane, verksemder, dei unge-/eldre har. Samstundes må ein ha ein plan som er på linje med politikarane sine tankar. I anledning utarbeiding av b.a kommuneplan samfunnsdel 2020-2023 - blei det gjennomført ei undersøking av ca. 300 ulike forbi-passarande i Ullensvang. Jf. Kommuneplan samfunnsdel 2020- 2023 for Ullensvang kommune.

Kommunen har som mål å satse på førebyggjande arbeid - dette for å betre barn og unge sitt oppvekstvilkår og hindre utvikling av rusbruk. Tiltaka som ein har fokus på er lavterskeltilbud - der det er lav terskel for kontakt, og enkelt for kvar og ein til å ta kontakt. Samstundes er det viktig at det førebyggjande arbeidet som blir satt er basert på erfaringar og fagkunnskap - om kva som har god effekt på den einskilde. Det tverrfaglege arbeidet blant tenestene både internt-/eksternt i kommunen er svært viktig, samstundes må dette oppretthaldast og styrkast.

Med bakgrunn i at staten overtok behandlingsansvaret for rusmiddelavhengige er institusjonsopphaldene ofte kortare,- lange ventelister og meir ansvar er lagt til kommunane. Ettervernsarbeidet som blir gjort er svært viktig for kvar einskild, og noko ein bør sjå på som nødvendig i arbeidet med rusavhengige som kjem frå behandling. I kombinasjon med godt tverrfagleg samarbeid med kommunen, spesialisthelseteneste o.l vil dette vere mykje meir gjennomførbart. Samstundes er det viktig og ha fokus på brukarane sine ynskjer - brukarmedverknad og involvering er sentralt for å betre våre tenester.

3.2.2 Kommunale planar

Rusmiddelpolitisk handlingsplan må sjåast i samanehng med andre planverk i kommunen:

Kommuneplan samfunnsdel 2020- 2023

Folkehelseoversikt 2020

Helse og omsorgsplan

Oppvekstplan

4. Tiltak

Utfordringar knytt til rus oppstår og utviklar seg forskjellig. Skal kommunen lykkast med og redusera rusbruk, må førebygging retta seg mot fleire arenaer som befolkninga deltek på. Det kan blant anna vere barnehage, skule, arbeidsliv og ulike fritidsarenaer (Sosial- og helsedirektoratet, 2006).

Kartleggings-tiltak	Almennførebyggende tiltak (Universelle)	Førebyggende tiltak overfor risikoutsatte grupper (selektive)	Tiltak for oppfølging og rehabilitering av rusavhengige (indisert)	Forslag til nye tiltak *
BrukarPlan	Helsestasjon - og skulehelseteneste	Ungdomskontakt	Rus- og Psykisk helse	Opplysning til skule-/barnehage
Ungdata	SLT	Tidleg Ute	Råd, hjelp og veiledning til rusavhengige	Ungdomslos (fast stilling)
	Politiråd	Tidleg Intervensjon (for gravide)	Arbeid og aktivitet	Ungdomsteam
	Kultur- og idrett	Arbeidstrening	Ansvarsgruppe-/ individuell plan	Betre aktivitetstilbod til barn-/unge
			Samtalar med pårørande	Psykolog knyttet til Rus- og Psykisk helse
			Samhandlingsteam	Ruskonsulent (fast stilling)
			Ettervernstilltak	Styrke ettervernsarbeidet - fleire stillingar
			Erfaringsmedarbeider	

4.1 Kartleggingstiltak

Kartleggingstiltak	Målgruppe	Beskrivelse og hensikt	Utvikling
BrukarPlan	Rusavhengige som har mottatt kommunale tenester siste året	Kartlegg omfang og karakter av rusavhengighet. Dei som kartlegg er kommunale instansar: NAV, rus- og psykisk helse, barnevern osv. Tala etter denne kartlegginga gir grunnlag for planlegging og utvikling av tenestene	Ullensvang bør kartlegge anna kvart år. Samstundes er det ynskjeleg at også legeteneste deltek. For å få ei meir påliteleg undersøkning
Ungdata	Elevar på ungdom-/vidaregåande skule	Hensikten er å få eit betre svar på kva ungdommen ynskjer- og iversette tiltak for at dei skal trivast på best mogeleg vis.	Siste ungdatabevis er frå 2020? Ungdomsundersøkinga blir gjennomført kvart tredje år.

4.2 Allmennførebyggande tiltak (Universelle)

Kartleggingstiltak	Målgruppe	Beskrivelse og hensikt	Utvikling
Helsestasjon- og skulehelseteneste	Barn- unge og foreldre-/gravide	Tryggleik for den einskilde, samtalar, førebygging,	Det er ynskjeleg med ei fast ordning med

		vaksinar og andre kontrollar	helsesjukepleiar både for elevar på ungdoms-/vidaregåande - som dei kan ta kontakt med ved behov.
SLT	Kommunen og andre eksterne ansatte	Formålet er at ein tar eit felles ansvar for førebygging knytt til kriminalitet- og tryggleik i samfunnet	Auka fokus på førebygging og effektivitet. Samstundes arbeide tverrfagleg med dei andre aktulle tenestene
Politiråd	Politiet- og ansatte frå kommunen og representantar frå næringslivet.	Det overordna organet for SLT - møtast ca. 3-4 gonger i året. Fokuset er tiltak som kan redusera kriminalitet.	Med bakgrunn i endringar i politidistriktet er det enno usikkert kva som skjer vidare. Samstundes vil ein forsøke å oppretthalde møtehyppigheita med 3-4 gonger i året.
Kultur- og idrett	Kommunen sine innbyggjarar	Styrke - og vedklikealde aktivitetar for befolkningen.	Kommunen bør setja seg som mål å få eit digitalt verktøy som kan gjere det enklare å å få oversikt over aktivitetane.

4.3 Førebyggjande tiltak overfor risikoutsatte grupper (selektive)

Kartleggingstiltak	Målgruppe	Beskrivelse og hensikt	Utvikling
Ungdomskontakt	Ungdom i alderen 13-23 år, eller som står i fare for å havne utenfor	Tilretteleggja for eit betre samordna tilbod og tettare oppfølging av ungdom som er i ein vanskeleg livvsituasjon. Målet er at ungdommen skal styrkast og fullføre skule-/utdanning	Tilbodet er pr.d.d ikkje til stades då ungdomskontakt er i permisjon. Dette tilbodet bør derimot utvidast - og fleire personar bør tilsettast.
Tidleg Ute	Ungdom i alderen opp til 23 år - som visar ei bekymrande åtferd knytt til rus-/psykiatri	Arbeidsgruppe som består av fleire kommunalt ansatte, samt andre eksterne. Målet er tverrfagleg samarbeid og styrke oppfølgingen til den einskilde.	Det blir gjennomført faste møter kvar 4.veke. Samstundes har dei ulike medlemmene individuelle avtaler.
Tidleg intervensjon (for gravide)	Gravide - som har-/hatt utfordringar knytt til rus-/psykiatri. Eller som har behov for tett oppfølging under svangerskap-/etter svangerskap	Arbeidsgruppe som skal styrke den gravide sine moglegheiter til å gjennomføre graviditeten, samt vere behjelpeleg i-/etter barsel.	Gruppa er pr.d. aktiv med bakgrunn i at det er personar som er i målgruppa. Ellers er gruppa kun aktiv når det er personar i målgruppa.
Arbeidstrening	Vaksne frå 18år og oppover - som av ulike orsaker står utan arbeid.	Ulike formar for arbeid: lavterskeltilbud, arbeidstrening, og ordinært arbeid. NAV arbeider tett	

		med interne-/eksterne aktører	
--	--	-------------------------------	--

4.3 Tiltak for oppfølging og rehabilitering av rusavhengige (indisert)

Kartleggingstiltak	Målgruppe	Beskrivelse og hensikt	Utvikling
Rus- og Psykisk helse	Personar som har behov for oppfølging-/samtalar . Fortrinnsvis dei over 18 år.	Kommunal teneste som kan bistå med det brukar måtte ynskja. (Butrening, samtalar, matlaging, aktivitet)	Tilboda er svært varierende. Antall brukarar er aukande.
Råd, hjelp og veiledning			
Arbeid og aktivitet	Brukarar som har behov for ein aktiv meningsfull kvardag-/aktivitet.		Det er fleire tiltak-/aktivitetar i regi av kommunen og andre ekstrene samarbeidspartar. Døme: Aktiv Odda, Odda By Crewm, iJobb Odda
Ansvarsgruppe-/individuell plan	Dei som nyttar seg av fleire enn ein teneste - og som har ynskje om IP-/Ansvarsgruppe møte	Kommunen er plikta til å leggje til rette for AG og IP - om brukar ynskjar dette. Samstundes effektiviserast arbeidet med den einskilde - pga. tverrfagleg samarbeid. Brukarmedverknad	

		står sentralt	
Samtalar med pårørende	Pårørende av personar med utfordringar knytt til rus-/psykiatri		
Samhandlingsteam	Pesonar som er brukar i fleire tenester	Målet er å styrka det tverrfaglege samarbeidet - og gi kvar einskild brukar eit betre tilbod	Møte annankvar måndag ilag med ulike tenester frå kommunen og spesialisttenesten
Ettervernstiltak	Personar som har vore rusavhengige	Gje eit rusfritt tilbod til personar som er rusfrie	Møte fleire gongar i i veka ilag med erfaringskonsulent i kommunen. Aktivitetane er varierende
Erfaringsmedarbeid er	Støtte til personar med utfordringar knytt til rus- og psykiatri	Individuelle samtalar, samstundes som aktivitetar i grupper.	Faste turdagar-/møter i veka. Samstundes som individuelle samtalar.
Tverrfagleg samarbeid med FACT	For brukarar som nyttar seg av kommunetenesta og spesialisttenesta	Veiledning og samarbeidsmøte om felles brukarar	Fast veiledning av ein frå FACT 1.gong. pr.mnd. Samstundes som samtalar og samarbeid.

5. Alkoholpolitikk i Ullensvang kommune.

Alkoholpolitiske retningslinjer for Ullensvang kommune for perioden 26. februar 2020 til 30. september 2024. Føremålet med alkohollova er å avgrensa dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkohol kan føra til. Løyvepolitikken skal vera føreseieleg og med retningslinjer som gjev næringa godt driftsgrunnlag og konkurransevilkår. Kontroll av tildelte løyver skal sikra at sal og skjenking skjer i tråd med lov og retningslinjer. Jf. alkohollova § 1-7d

er kommunen pålagt å utarbeide alkoholpolitiske retningslinjer. Dei alkoholpolitiske retningslinjene skal handsamast i kvar kommunestyreperiode. Ei rekkje andre lover pålegg kommune å løysa oppgåver på «rusmiddelfeltet». Difor vil rådmannen utarbeida ein ruspolitisk handlingplan for 2020-2024, der Ullensvang kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer vert innlemma. Denne planen legg rammer for kommunal sals- og skjenkepolitikk som gjer det mogeleg å delegera mynde frå politisk til administrative organ, og dermed yta raskare sakshandsaming til innbyggjarane.

5.1 Føremål

Alkoholova sitt føremål § 1-1 er i størst mogeleg grad å begrensa dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føra til. Som eit ledd i dette siktar lova på å begrensa forbruket av alkoholhaldige drikkevarer.

Ullensvang kommune sin overordna målsetjing med den lokale alkoholpolitikken er satt med utgangspunkt i føremålsparagrafen. Kommunen skal gjennom løyvepolitikken ha som mål å begrensa i størst mogeleg grad dei individuelle og samfunnsmessige skadevirkningane alkoholbruk kan innebera.

Viktige delmål er å begrensa tilgjenge av alkohol for barn og unge, og bevare alkoholfrie arenaer i kommunen for innbyggjarane.

Det er vidare ei målsetjing å føra ein løyvepolitikk som fremmar gode rammevilkår, likebehandling og forutsigbarheit for næringslivet.

Alkoholpolitikken vert forvalta med til dels motstridane hensyn. Vi veit at bruk av alkohol kan påføra samfunnet og enkeltmennesker store lidingar. Samstundes er alkohol ei lovleg vare, som er sosialt akseptert i fleire samanhengar. Det er i tillegg arbeidsplassar og inntekter knytt til omsetjing av alkohol.

Ullensvang kommune skal føra ein løyvepolitikk som balanserer desse hensyna på ein ansvarleg måte. Dette kan vi gjere ved å tilrettelegga for ein sunn og seriøs næring, som kan tilby kommunen sine innbyggjarar og turistar eit godt og variert utval av

serveringsplassar. Kommunen ynskjer å samarbeide med løyvehavarane, slik at gjeldande retningslinjer og regelverk vert følgd.

5.2 Retningslinjer

5.2.1 Søknadar om sals- og skjenkeløyver

All sal og skjenking av alkoholhaldig drikk mot vederlag krev løyve. Søknadar om sals- og skjenkeløyver skal avgjerast i tråd med alkohollova og bestemmingar gjeve i medhald av denne. Søknadane skal i tillegg vurderast i tråd med vedtekne prinsipp og målsetjingar fastsett i dei alkoholpolitiske retningslinjene for Ullensvang kommune. Søknad om utviding av skjenkeområde og søknad om skjenkeløyve for einskildhøve skal vera levert til kommunen seinast to veker før løyvet skal takast i bruk.

5.2.2 Høyringsinstansar for søknader

Ordinært sals- og skjenkeløyve skal sendast på høyring til politi, sosialtenesta og skatte- og avgiftsmynde.

Sals- og skjenkeløyve for einskildhøve skal sendast på høyring til politi og sosialtenesta.

Endring av styrar og/eller stedfortredar skal sendast på høyring til politi og skatte- og avgiftsmynde.

Politi, skatte- og avgiftsmynde og sosialtenesta skal uttala seg om løyvesøknaden før den vert avgjort, for å ta stilling til vandel, og om søkjar tilfredsstillar lovkrava. Dette gjeld for løyvehavar, personar som eig ein vesentleg del av verksemda eller selskapet,

og / eller driv selskapet, og for styrar og stedfortredar for løyvet. Vandelskravet gjeld ikkje for AS Vinmonopolet.

Vert det avdekka noko som kan ha innverknad for løyvespørsmålet, pliktar politi, skatte- og avgiftsmynde, utan hinder av taushetsplikta, å informera løyvemynde.

Ved vurdering om løyve for sal eller skjenking skal gjevast, kan kommunen leggja vekt på antal sals- og skjenkeplassar, verksemda sin karakter, plassering, lokalmiljøet, målgruppa, trafikk- og ordensmessige tilhøve og næringspolitiske omsyn og om løyvesøkjjar er egna til å ha løyve.

Vilkår: I følgje alkohollova § 4-3 kan kommunen setja vilkår for løyvet. Forutsetninga for eit lovleg vilkår er at det er begrunna i alkoholpolitiske hensyn.

5.2.3 Definisjonar

- Alkoholhaldig drikk gruppe 1 er drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2 er drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3 er drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol.
- Salsløyve - Overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag, for drikking utanfor salsplassen.
- Skjenkeløyve - Overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag, for drikking på plassen.

5.2.4 Løyveperioden

Sals- og skjenkeløyver kan gjevast for inntil 4 år, med opphøyr seinast 30. september året etter ny kommunestyreperiode er i gang. Det nye kommunestyret kan vedta at alle eller nokre løyver skal løpa utan fornying, men berre etter ein revidering av dei alkoholpolitiske retningslinjene.

Ein kan få sals- og skjenkeløyve for ein tidsavgrensa periode, for ein bestemt del av året eller for eit einskildhøve. For einskildhøve er det spesifisert egne vilkår, sjå punkt 6.

Ullensvang kommune har vedteke at alle løyver vert fornya utan krav om at løyvehavarane treng søkje på nytt. Rådmannen vil innhenta opplysningar om kvar einskilde skjenke- og salsplass, slik at vi får oppdatera våre register og gjere nødvendige kontrollar av desse løyvene.

5.3 Skjenkeløyve

5.3.1 Tildeling av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3

Det vert ikkje sett tak på antal skjenkeløyver i Ullensvang kommune. Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3 kan tildelast hotell, restaurant, pub, bar, diskotek, kafe, bistro og serveringsplass knytt til gardsturisme.

5.3.2 Skjenkeløyve for einskildhøve

- Det kan tildelast skjenkeløyve for einskilde høve.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for idrettsarrangement.
- På større arrangement som til dømes bygdafestar, må skjenkestyrar og minst 1 vakt må ha gjennomført skjenkekurs i regi av kommunen eller ha teke kunnskapsprøven for skjenkeløyve. Rådmannen kan fråvika dette kravet ut frå ei totalvurdering.
- For å få løyve til einskildhøve må det vere minimum 18 år aldersgrense til skjenkelokalet. Det kan søkjast om dispensasjon på arrangement der det vil vera naturleg å gje adgang til ungdom under 18 år. Dette kan t.d. vera konsertar, revy eller andre kulturelle arrangement.
- På såkalla bygdafestar kan ungdom frå 15 år og oppover delta. Vilkår for dette er at det vert utabeidd og vedlagd ei risikovurdering/handlingsplan i søknaden, for å hindra at mindreårige får tilgang til alkoholhaldig drikk. Det skal vera matserving og dans. Arrangøren må visa til risikovurdering / handlingsplan for å hindra at mindreårige får tilgang til alkoholhaldig drikk. Vakthald skal godkjennast av politiet. Brot på vilkåra sett i løyvevedtaket og alkohollova kan medføra karantene for både huseigar og arrangør.

Vaktkrav ved einskildhøve:

- Alle arrangement må føreta ei risikovurdering ut frå type arrangement og gjestetal.
- Det er politiet som set vaktkrav. Dei skal få tilsendt vaktlister.
- Rådmannen kan i spesielle høve fråvika krav om kunnskapsprøve/kurs for styrar og ein av vaktene, dette ut frå ei totalvurdering. Det same gjeld vaktkravet, men då i samråd med politiet som set vaktkrav. Døme på slike arrangement er pensjonistlag eller andre lag som vil ha meldemsfest eller kulturarrangement der skjenkinga berre er ein liten del av arrangementet, som til dømes temakveld, opning av ny butikk og lignande.

Antal vakter skal vera:

- Arrangement inntil 50 gjester - min. 2 vakter Arrangement mellom 51 og 100 gjester - min. 4 vakter
- Arrangement mellom 100 og 250 gjester - min. 12 vakter
- Arrangement med meir enn 250 gjester - min 20 vakter

Politiet skal ha melding om kvart arrangement og kan stilla andre vaktkrav enn det som er skissert her, ut frå ei totalvurdering av arrangementet. Større arrangement som til dømes Morellfestivalen på Lofthus, Handverkmessa i Jondal og Røldalsmarknaden er pålagt å søkje politiet om løyve. Politiet skal uttala seg om arrangementet før Ullensvang kommune handsamar søknaden.

Gebyr for skjenkeløyve for einskildhøve:

- 1-99 gjester - 600 kr.
- 100-199 gjester - 1500 kr.
- Meir enn 200 gjester - 3000k kr.

Gebyr for salsløyve for einskildhøve: 600 kr.

Viser det seg i ettertid at det er fleire eller færre gjester enn oppgjeven i søknaden, vert kravet justert.

Om arrangementet vert avlyst, skal det betalast eit gebyr på 500 kr.

5.3.3 Ambulerande skjenkeløyve

Det vert ikkje gjeve ambulerande skjenkeløyve i Ullensvang kommune. Skjenkeløyve for einskildhøve erstattar dette.

5.3.4 Innførsel eller tilverking av alkoholhaldig drikk for skjenking i eiga verksemd – utvida kommunalt skjenkeløyve

Eit ordinært skjenkeløyve kan etter ei skjønsmessig vurdering utvidast til å omfatta innførsel av alkoholhaldig drikk som skal skjenkast i eigen verksemd. Utviding til innførsel kan kun omfatta den alkoholhaldige drikk som skjenkeløyve dekkjer. Løyve til innførsel kan ikkje gjevast til skjenkeløyve for ein bestemt del av året eller for einskildhøve jf. § 1-6 i alkohollova.

Eit skjenkeløyve kan og utvidast til å omfatta tilverking av dei same alkoholhaldige drikkane som kan skjenkast, utan brennevin. Dette gjeld og for løyver for ein bestemt del av året eller einskildhøve (i motsetning til innførsel). Eit utvida løyve for tilverking kan berre gjevast om tilverkinga inngår som ein del av skjenkeklassen sitt heilheitlige tilbod og karakter, til dømes lokale tradisjonar og fremmar lokal kultur og turisme og berre om tilverkinga skal skje på skjenkeklassen.

Felles for begge ordningane er at alkoholhaldig drikk som vert innført eller tilverka i medhald av det utvida skjenkeløyve, kun kan skjenkast ved skjenkeklassen løyvet er knytt til. Drikken kan ikkje omsetjast på anna måte.

5.3.5 Skjenketider

Ullensvang kommune har lik skjenketid heile veka:

- Gruppe 1 og 2 - kl. 08.00-02.00
- Gruppe 3 - kl. 13.00-02.00

Det vert ikkje høve til å søkje om utvida skjenketid.

Skjenking av gruppe 3 (brennevin) mellom kl. 03.00 og 13.00 og skjenking av gruppe 1 og 2 (øl og vin) mellom kl. 03.00 og 06.00 er forbode jf. § 4-4 i alkohollova.

Nattklubb - Ullensvang kommunestyre har vedteke at det vert høve å søkje løyve til å drift av nattklubb. Rådmann vil i april fremma ei sak om dette til kommunestyret, slik at vi får vedteke retningslinjer for dette.

5.3.6 Utviding av skjenkeområde

Det kan etter søknad verta gjeve løyve til utviding av eit skjenkeområde for alminnelege løyver. Kommunen gjer vurderingar etter alkohollova §1-7a for kvar einskild søknad. Utviding av skjenkeområde gjeld for dei alkoholgruppene som løyvehavar har rett til å skjenke. Skjenketid følgjer dei vedtekne skjenketidene som løyvehavar har fått, men kommunen kan innskrenka skjenketidene ved utvida skjenkeområde. Politiet skal ha melding om utvida skjenkeområde og kan setja krav til vakthald.

5.4 Salsløyve

Sal av alkoholhaldig drikk gr. 2 og 3 kan berre skje gjennom AS Vinmonopolet på grunnlag av kommunalt løyve.

Sal av alkoholhaldig drikk gr. 1 kan berre skje på grunnlag av kommunalt løyve, og gjeld for eitt bestemt lokale og bestemd type verksemd.

Det kan etter forskrifta § 3-2 ikkje gjevast salsløyve til bensinstasjon eller kiosk.

Kommunen står relativt fritt til å velje kva type verksemd som skal få løyve eller ikkje, men Ullensvang kommune har ingen retningslinjer for kven som kan få løyve til sal av alkoholhaldig drikk utover det som er nemnd i forskrifta.

5.4.1 Utviding av salsområde

Det kan etter søknad, ved særskilde høve, verta gjeve løyve til utvida område for sal av alkoholhaldig drikk opp til 4,7 volumprosent. Særskilde høve er festivalar, messer og kurs. Det kan ikkje skjenkast og seljast alkoholhaldig drikk i same lokale.

5.4.2 Tilverking av alkoholhaldig drikk for sal i eiga verksemd

Kommunen kan, etter en skjønsmessig vurdering, utvida eit salsløyve til å omfatta rett til innførsel av alkoholhaldig drikk gruppe 1 for sal i eigen verksemd. Slikt utvida løyve kan gjevast samstundes med salsløyve eller som tillegg til eit allereie eksisterande salsløyve. Løyver som gjeld for ein bestemt del av året eller for einskildhøve kan ikkje utvidast til å omfatta innførsel for sal i eigen verksemd.

Løyvehavar med kommunalt salsløyve kan søkja om å få utvida dette løyve til å omfatta tilverking for sal i eigen verksemd av alkoholhaldig drikk gruppe 1 direkte fra produksjonsplassen. Dette gjeld berre om tilverkninga skjer ved salsplassen. Salet og tilverkninga må utgjera ein del av plassen sin heilskapeleg karakter og salstilbod, til dømes lokale tradisjonar og fremmar lokal kultur og turisme. Løyve for ein bestemt del av året eller for einskildhøve kan ikkje utvidast til å omfatta tilverking for sal i eigen verksemd.

Løyvehavar med kommunalt salsløyve kan søkje om å få utvida sitt salsløyve til å omfatta tilverkning for sal i eigen verksemd av visse produkt i gruppe 2 (som inneheld over 4,7 og opp til 22 volumprosent), direkte fra produksjonsplassen. Salet og tilverkninga må utgjera ein del av plassen sin heilskaplege karakter og salstilbod, til dømes lokale tradisjonar og fremmar lokal kultur og turisme.

Vidare er det eit krav for sal og tilverking av gruppe 2 at:

Den alkoholhaldige drikken som skal tilverkast må vera omfatta av produktlista i kommentar til posisjon 22.06 i Tolltariffen (andre gjæra drikkevarer t.d. sider, pærevin og mjød). Det kan ikkje tilsettjast brennevin eller alkoholhaldige produkt som ikkje er omfatta av denne produktlista. Minst en tredjedel av innsatsvarene som gjer produktet sin karakter, må vera eigenprodusert. Det er ei volumbegrensing på sal pr. år på 15 000 liter. Innehavar av statleg tilverkningsløyve etter kapittel 6 kan og søkje om kommunalt salsløyve for sal av tilsvarande produkt, direkte frå plassen for tilverkning om desse krava er stetta.

Kommentarer til tilverking av alkoholhaldig drikk for sal i eiga verksemd:

Etter endringar i alkohollova er det altså no opna for at kommunane kan gje løyve for produksjon av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 for sal i eiga verksemd, der lokale tradisjonar og fremming av kultur er sentralt. Det er 12 gardar med slikt løyve i Ullensvang kommune, der enkelte av dei kombinerer dette med skjenkeløyve, for å leggja tilrette for arrangement med lokal mat og drikke kombinert med kulturformidling. Truleg er Ullensvang den kommunen som har flest slike løyve, og det er framleis stor optimisme.

5.4.3 Salstider

Sal av drikk gruppe 1 er forbode etter kl. 20.00 på kvardagar og kl. 18.00 på dager før søn og helligdagar med unnatak av dagen før Kristi Himmelfartsdag etter jf. § 3-7 i alkohollova.

Salstider i butikkane skal vera i samsvar med maksimaltida i alkohollova:

Kvardagar kl. 08.00- 20.00.

Laurdagar og dagar før heilagdagar kl. 08.00- 18.00.

5.5 Diverse

5.5.1 Delegeringsmynde

Det er kommunestyret som er delegert ansvaret for å innvilga løyver for sal og skjenking av brennevin (gruppe 3), vin (gruppe 2) og øl (gruppe 1). Kommunestyret kan delegera mynde til å tildela løyver, fastsetja tid for sal og skjenking og å inndra løyver til formannskapet eller rådmannen. Sals- og skjenkeløyver skal vera knytt til eigarskapet, også om det er ein juridisk person. Løyvet vert gjeven til den einheit som har det økonomiske og juridiske ansvaret for bedrifta, og ein løyvehavar kan ha fleire løyver.

Delegert Ullensvang formannskap:

- Handsaming av søknader om nye sals- skjenke- og tilverkingssløyver

Delegert til rådmannen:

- Godkjenning av ny styrar / stedfortredar (alkohollova § 1-7c)
- Gje sals- og skjenkeløyve for einskildhøve
- Gje løyve til utviding av skjenkeområde
- Prikktildeling og inndraging av løyve
- Gje nytt løyve til stader som allereie har sals- eller skjenkeløyve, men som av

ulike grunnar må søkje nytt løyve. Til dømes ny eigar, endring av driftskonsept o.a.

- Fastsetjing av løyvegebyr
- Setje andre vaktkrav enn det som er skissert i denne saka ut frå ei totalvurdering, og i samråd med politiet.

5.5.2 Sals- og skjenkekontroll

Kommunen har ansvar for kontroll med utøvinga av dei kommunale sals- og skjenkeløyvene, jf. alkoholova § 1-9 og alkoholforskrifta kap. 9. Forskrifta seier at sals- og skjenkestadene skal kontrollerast så ofte som behovet tilseier, men minst ein gong kvart år. Det skal skal kontrolleras tre gonger meir enn det er sals- og skjenkestader.

Kontroll av sals- og skjenkestadene skal gjennomførast av skjenkekontrollen i Kvam herad.

Utgifter i samband med kontroll av sal og skjenking av alkoholhaldig drikk er føresett dekkja inn gjennom kommunen si innkrevjing av sals- og skjenkeavgifter. Avgiftene er heimla i § 7-1 og forskriftene § 6.

5.5.3 Samarbeid med bransjen, skjenkekontrollen og politiet.

Ullensvang kommune vil i samarbeid med skjenkekontrollen i Kvam herad og politiet arrangera dialogmøte med sals- og skjenkenæringa. Det skal vera minst eit møte i året som Ullensvang kommune har ansvar for vert arrangert. Her vil vi i tillegg til politi og skjenkekontrollen invitera med oss sals- og skjenkenæringa og ungdomslag. I tillegg vil vi arrangera kurs i mindre målestokk om arrangørar av til dømes bygdafestar har behov for det.

5.5.4 Brot – Prikktildeing

Frå 1. januar 2016 vart det innført nye, nasjonale reglar for tildeling av prikkar og inndraging av løyver. Dette inneber sakshandsamingsreglar og standardiserte reaksjonar for ulike former for overtredingar.

Reglane inneber at ulike typar brot vert tildelt eit visst tal prikkar, der 12 prikkar i løpet av 2 år vil føre til inndraging i ei veke. Eit brot kan gje maks 8 prikkar. Ordninga er obligatorisk, og kommunen er forplikta til å følgje anvisingane i denne forskrifta.

Hovudformålet med innføring av prikktildeingssystemet er å sikre at brot på regelverket vert fulgt opp. Vidare er systemet meint å føre til ei forenkling av sakshandsaminga av inndragingssaker i kommunane. Prikktildeingssystemet gjev klare retningslinjer for når eit løyve skal inndragast, og kva reaksjon som normalt skal veljast. Det skal ikkje utøvast skjøn i same grad som tidlegare, men unnatak kan gjerast i særlege høve. Konsekvensane ved brot vil vere meir tydelege og føreseielege for løyvehavarane med dette prikktildeingssystemet. Dette kan vere til hjelp for løyvehavarane når dei utarbeider rutinar og internkontroll for å sikre at drifta er i samsvar med alkohollova med forskrifter.

Oversikt over prikkfordeling:

8 prikkar

- Sal og skjenking til mindreårige
- Brot på bistandsplikta
- Brot på krav om forsvarleg drift
- Hindring av kontroll

4 prikkar

- Sal og skjenking til openbart rusa person
- Brot på tidsbestemmelsane
- Skjenking av sprit til person mellom 18 og 20 år
- Brot på alderskrav til den som sel eller skjenker alkohol

2 prikkar

- Openbart påvirka person i lokalet
- Manglar ved internkontroll
- Manglande levering av omsetjingsoppgåve
- Manglande betaling av gebyr
- Brot på reglar om styrar og stedfortredar
- Diskriminering
- Narkotikaomsetjing

1 prikk

- Brot på reglar om alkoholfrie varer
- Brot på reglar om plassering av alkoholhaldig drikk på salsplassen
- Brot på reglar om skjenkemengd av brennevin
- Brot på vilkår i løyvevedtaket
- Konsumering av medbrakt alkohol
- Gjester tek med alkohol ut
- Brot på reklameforbodet

Samandrag konklusjon: Ullensvang kommune skal føra ein løyvepolitikk som tilretteleggjer for ein sunn og seriøs næring, som kan tilby kommunen sine innbyggjarar og turistar eit godt og variert utval av serveringsplassar. Kommunen ynskjer å samarbeide med løyvehavarane, slik at gjeldande retningsliner og regelverk vert følgd.

6. Handlingsmodell

6.1 Oppfølging og førebygging - barn og unge

Førebyggjande arbeid for barn, unge og deira familiar er kommunens sitt ansvar. jf. rundskriv Barne-og familiedepartementet (2013). Målet med førebyggjing er langsiktig tenking, og ein god investering for framtida - både økonomisk og helsemessig. For å gjennomføra dette i praksis er det difor viktig med tverrfalgeg samarbeid. I Ullensvang kommune er det fleire arbeidsgrupper som arbeider førebyggjande. Skilnaden er arbeidsoppgåvene, der nokre av gruppene arbeider administrativt medan andre arbeider utøvande og oppsøkjande. Samstundes som kommunen sine tenester har ulike førebyggjande tiltak, er og barnehage, skule, barnevern og helsestasjon sentrale i arbeidet med barn og unge.

Rusforebyggjande tiltak skal auka kunnskapen og bevisstgjera om rusrelaterte konsekvensar og skader. Målet er at debutalderen vert utsett, redusert alkoholbruk og reduksjon av bruk av illegale rusmidler.

I Rundskriv "Forebyggende innsats for barn og unge" (2013) vert det teke fram kva som er viktig med oppvekst- og levekår. Den førebyggjande innsatsen må skje der barn og unge er - relasjonen og samspelet er avgjerande for samarbeidet.

Familien: Foreldre og føresette har den viktigaste rolla i oppveksten til eit barn, når det gjeld omsorg og samspel. Dette kan vidare ha betydning for barnet sin utvikling og korleis dei handterer ulike utfordringsar i livet. Forskning viser at barn som opplever manglande omsorg frå foreldrene har større risiko for å utvikla problemer på andre områder.

Lokalsamfunn: Haldningar og normer i lokalsamfunnet kan påverka barn- og unge sitt

oppvekstmiljø. Den kulturelle delen av kommunen kan vera med å inkludera - med deltaking i aktivitet og oppleving av mestring. Samstundes kan lokalsamfunnet vera med på å fanga opp negative tendensar og hindra den negative utviklinga.

Barnehagar og skular: Gode barnehagar fremjar språkutvikling, læring og sosial kompetanse. Gjennom god omsorg og trygg vaksenkontakt, kan barnehagen samstundes vera ein kompensasjon for belastningen barnet evt. opplev i heimen. Skulen er meir enn berre læring - barnet får høve til å oppleva sosialisering, vennskap og kjensla av tilknytning. Både skular og barnehagar kan samstundes vera med å oppdaga og hjelpa utsette barn og unge, til dømes ved å senda bekymringsmelding til barnevernet. Samstundes innber det å handla at ein må samhandla med foreldre og andre tenester.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta: Gjennom tverrfagleg samarbeid kan helsestasjon og skulehelsetenesta bidra til å skapa eit trygt oppvekst- og læringsmiljø. Helsestasjonen har oppfølging med alle barn fram til skulealder, då skulehelsetenesta tek over. På skulen kan denne tenesta vera oppsøkjande og arbeide forebyggjande på barn og unge sin arena.

Fritid og fritidstilbud: Mange barn deltek på ulike fritidsaktivitetar - idrettslag, kulturskule osv. Varierte fritidstilbud gjer rom for at alle med ulike interesser og ressursar kan utfolda seg og oppleva meistring. Det er eit av kommunen sine ansvarsområder, å leggja til rette for varierte tilbod. Ein må ein rekna med at mange barn og unge ikkje deltek på organisert aktivitet - difor må ein leggje til rette for uorganisert fritidsarenaer. Til dømes leikeplassar, møtestader, allaktivitetsanlegg, nærmiljanlegg og ungdomsklubbar.

Internett: Dei siste åra ha internett teke store delar av kvardagen til einkilde - og for barn og unge. Dei nyttar internett som ein møtestad, og er sosiale via ulike sosiale medier. Samstundes har det forårsaka fleire problemstillingar ein ikkje hadde for 5-10 år sidan. Forskning syner at risikoen for å verta utsett for mobbing, sjikanering og andre krenkande forhold - er mykje større no enn tidlegare. Det er viktig å understreka at norske barn ligg langt over det europeiske snittet i ferdigheiter på nett, og nyttar fleire positive moglegheiter internettet gir.

Nyare forskning og metode skil mellom tre ulike nivå for å arbeida førebyggjande:

6.1.2 Universell førebygging

Universell forebyggjning er strategiar og tiltak som rettar seg mot alle, utan å skilja mellom grupper og individer (forebygging.no). Å nå dei som treng det mest er eit viktig mål. Men, i eit folkehelseperspektiv er det ikkje alltid målretting som er mest effektivt. Universelle tiltak kan ofte vera den beste måten å nå risikogrupper på. Dette handlar om at sjølv om risikoen per person er låg, er det totale antal personar så stor at effekten i sum og vert stor. Ved å retta arbeidet mot befolkninga vil ein unngå stigmatisering og bidra til at heile gruppa vert lyfta. Det vil seie at alle får det litt betre. Under fokusområde er: alkoholpolitikk, rusførebyggande tiltak for barn -, unge - og vaksne.

<http://www.forebygging.no/Ordbok/Q-A/Universelle-tiltak/>

6.1.2.1 Alkoholpolitikk

Den nasjonale alkoholpolitikken er gjennomført særleg via tre verkemidler:

- Begrensa tilgang (regulering og vinmonopol).
- Høg pris (avgiftspolitik).
- Formidla informasjon om konsekvenser av alkoholbruk.

Den kommunale alkoholpolitikken er forankra i den nasjonale.

6.1.2.2 Politirådet

Det vart i 2007 vedteke at politidistrikta skulle ta initiativ til eit meir formalisert samarbeid mellom politi og kommunane gjennom politiråd.

Politirådet er eit samarbeidsorgan mellom kommunen og politidistriktet si leiing. Føremålet er at kommune- og politileiing gjennom samarbeidsmodellen tek eit felles ansvar for kriminalitetsforebyggjning og tryggleik i lokalsamfunnet.

Politirådet skal bidra til å:

- styrkja dialog og samarbeid mellom politi og kommune

- ansvarleggjera lokalpolitikarane i det kriminalitetsforebyggjande arbeidet
- betra informasjonsflyt mellom politi og kommune, auka kunnskapen om kriminalitet, manglande tryggleik og bakenforliggjande årsaker.

I regjeringen sin *Handlingsplan for førebygging av kriminalitet (2013-2016)*

"det skal stimuleres til trepartsamarbeid mellom kommune, politi og næring ved bruk av *ansvarlig alkoholhåndtering* som modell. Målet er å redusere rusrelatert vold og annen kriminalitet knyttet til uteliv, gjennom blant annet å redusere antall tilfeller av overskjenking og skjenking til mindreårige".

Politisjefen i kvart politidistrikt har ansvaret for å ta initiativ til å oppretta politiråd i dei ulike kommunane. Det kan organiserast som samarbeid mellom to eller fleire kommunar der dette er hensiktsmessig.

Organisering av politirådsamarbeidet

Politidirektoratet rår i eit rundskriv i 2013 til alle politisjefane, fylgjande prosedyre:

Skriftleg avtale - Det enkelte politiråd må laga ein skriftleg avtale for å kunne visa til samarbeidet.

Deltakarar - Det må kome fram i avtalen kven representanter som skal delta fast i politirådet. Som eit minimum bør ordfører og rådmann delta frå kommunen og stasjonssjef, lensmann eller tilsvarende fra politiet. I tillegg til faste deltakarar kan politirådet invitere andre aktører til møter og samarbeid om spesifikke tema, herunder representanter frå fylkeskommune, næringsliv og frivillige organisasjoner.

Sekreteriat - Det må avklarast kven som skal leda samarbeidet og korleis sekretariatfunksjonen skal ivaretakast.

Lokale må - Det må framgå av avtalen kva mål og satsingsområder det enkelte politiråd har sett seg. Det bør og beskrivast kva resultater som vert forventta. Mål og

satsingsområder bør evaluerast og eventuelt revideres årleg.

Møtefrekvens - Politiråda må verta einge om kor ofte dei skal ha møter. Det bør minst vera to møter i året.

Politiråd / SLT - Der det er etablert SLT-samarbeid, må det avklarast korleis desse to samarbeidsmodellane skal utfylla kvarandre. Politirådsamarbeid forutsetter ikke SLT-samarbeid.

Politidirektoratet vektlegger vidare i rundskrivet at tverretatlig kartlegging og analyse er sentralt for å sikre et kunnskapsbasert grunnlag handling, og at det forutsettes at politirådet etterspør og anvender slik kunnskap.

Ref. [Politirådets rolle](#) 05.01.2022

6.1.2.3 SLT

SLT står for Samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak (kriminalitetsforebygging.no). Dette er ei gruppe med ulike tenester som har mål om at kommunen sine barn- og unge skal få rett hjelp til rett tid av eit hjelpeapparat som utøv tverrfagleg samarbeid (kriminalitetsforebygging.no). I Ullensvang kommune består SLT si koordineringsgruppe av:

- Koordinator,
- NAV
- Vidaregåande skule
- Oppvekstsjef
- Ruskonsulent
- LOS
- Politi

Gruppa jobbar aktivt med forebyggjing ved å nytta informasjon frå dei ulike tenestene. Iverksettjing av tiltak vert gjennomført etter drøfting, men tiltaka skjer i hovedsak på mesonivå. Altså grupper – til dømes utfordringar i skuleklassar e.l. For SLT er Tidleg Ute det utøvande organ, som iverksett naudsynte tiltak på enkeltpersonar.

Evalueringa av politiråda (2014) syner at SLT- modellen og SLT-koordinator kan spela ei viktig rolle for politirådsamarbeidet. Dette ved at det bidreg til ein god integrering mellom politiråd og resten av kriminalitetsforebyggjande arbeid. Dette handlar om at

SLT-kordinator tilfører politirådet kunnskap og styrkjer forankringa mellom strategisk og utførande nivå. I tillegg iverksetja og koordinera den operative innsats som politirådet har vedteke. I mange kommunar fungerer politirådet og som SLT-styringsgruppe.

6.1.2.4 Helsestasjon og skolehelsetenesten

Ved helsestasjon for ungdom svarar ein mellom anna på spørsmål om kroppen, problem på skulen, relasjon til kjærast, vennskap, seksualitet, rus, røyking/snusing, graviditet, menstruasjon, prevansjon, kosthald, slanking og etevanskar, psykiske vanskar, vonde opplevingar som til dømes seksuelle overgrep, vald eller sjukdom i familien, og mykje anna. I Ullensvang kommune har vi skulehelseteneste på alle skulane til faste tider og helsestasjon for ungdom opp til 25 år, kvar onsdag kl. 14.30 – 16.45 på Helsestasjonen i Odda, Smelteverket 61.

6.1.2.5 Familien

Undersøkingar for ungdom frå 2019 syner at to prosent av ungdommane i ungdomsskulen svarar at dei får lov til å drikka alkohol av foreldra. Forskning syner at i familiar kor dei har klare reglar om alkohol, drikk tenåringen mindre og meir forsiktig. Tenåringar med «kjipe foreldre» drikk mindre. Det er viktig for foreldre å setja grenser, forklara og seia nei. Dette kan hjelpa dei mot drikkepress når dei er ute og dei kan skulda på foreldra. Eg har ikkje lov, dei kjem og hentar meg, mor og far er vakne når eg kjem heim.

Foreldre bør prata om alkohol og illegale rusmidlar med ungdommane sine. Materiell fra alkoveitt-organisasjonen «av-og-til» kan nyttast i kommunikasjon mot føresette. Her får ein nyttig informasjon om korleis ein kan ha ein samtale med tenåringen om alkohol. Dette er fokus på foreldremøter på 8. trinn.

<http://www.forebygging.no/Artikler/2014-2012/Foreldre-og-deres-rolle-i-det-rusforebyggende-arbeid-i-skolen/>

6.1.2.6 Skule og barnehage

Skulen og barnehagen legg til rette for meistring og sosial inkludering mellom anna i sosialpedagogiske strategiar og program. Grunnleggjande trivsel og tryggleik er forebyggjande for alle typer problemutvikling inkludert rus. Ungdata-undersøkinga nasjonalt peiker på at eit godt inkluderande skulemiljø er ein viktig førebyggjande faktor.

Undervisning i rusforebyggjning skal leggjast til 8. trinn på alle ungdomskular i Ullensvang kommune, seinare kan det vera for seint. Det bør vera faste foreldremøte om dette tema.

Den nye læreplanen har eit ny overordna del. Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i skulen skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gjer høve til å ta ansvarlege livsval. I barne- og ungdomsåra er utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande.

Oppvekstplanen i Ullensvang ligg her:

<https://ullensvang.kommune.no/?article=oppvekstplan-2020-2025>

Konkrete tiltak er til dømes avslutning på skulane etter vitnemålsutdeling med dans, disco eller band og mat, ball for 10. trinn, danseopplæring, ha skulane som møtestad etter skuletid, ha høve til å spela i band, bordtennis og vera i lag på skulen.

6.1.2.7 Fritid

I det frivillige arbeidet er det ei rekkje ildsjeler og enkeltindivid som nyttar mykje av fritida si på sosial integrasjon. Dette er viktig for å skapa gode oppvekstsvilkår.

Kommunen kan arbeida aktivt for å skapa gode nærmiljø, møtestader og leggja til rette for et inkluderande mangfald av kultur- og fritidsaktivitetar gjennom god samfunnsplanleggjing og økonomisk stønad. Idrettslaga og ei rekkje frivillige lag og foreningar får økonomisk stønad.

Fritidstilbud for ungdom har en viktig forebyggende funksjon særleg for å byggja gode relasjonar til andre barn, unge og vaksne og å ha en meningsfull fritid. Skulemiljøet er ein viktig arena for rekruttering til fritidsaktivitetar. Det viser seg at det kan vera ein rekrutteringsutfordring. Dei elevane som føler på at dei ikkje høyre til, deltek heller ikkje lika mykje i fritidsaktivitetar. Aktivitetstilbodet og rekrutteringa bør kontinuerleg vurderast og vidareutviklast i tråd med behovet.

Konkrete tiltak; det bør vere faste rusfrie arrangement som til dømes 16. mai arrangement. arrangera kurs og støtte idrettslag og foreininga i deira arbeid, særleg med fokus på inkludering og trivsel. Skapa sosiale møteplassar.

6.1.2.8 Ungdomskontakt

Ein ungdomskontakt/-los har ungdomen si sjølvkjensle og meistring i fokus og har kjennskap til kvar ein kan få hjelp dersom det er større utfordringar innan psykisk helse

som treng oppfølging. Føresette kan venda seg til ungdomskontakt/-los.

Ullensvang kommune har ungdomskontakt i 60% stilling, ungdomskontakten er for tida berre på Hauso og Kinsarvik, samt tilgjengeleg for VGS.

Konkrete tiltak: driva oppsøkjande arbeid mot ungdom, driva ungdomsklubb.

6.1.3 Selektiv førebygging

Tiltaka er retta mot grupper med kjend eller høg risiko for å utvikla problemer. Måla til tiltaka er og hindra negativ utvikling hjå barn og unge (Rundskriv Q 16/2013). Døme på selektiv førebyggjing er betre norskkunnskaper for framandspråkelege familiar, ungdomsklubbar, ulike program innan rettleiing for familiar med ulike utfordringar osv. Konkrete rusførebyggjande tiltak for ungdom i kommunen:

6.1.3.1 “Tidleg intervensjon”

I samarbeid med Bergenslinikkane starta prosjekt «Tidleg intervensjon» opp september 2009, og er no ein del av faste tiltak i kommunen. Målet er å utvikla kompetanse for å tidlegast mogeleg gje hjelp til gravid og småbarnsforeldre med rusrelaterte utfordringar. Aktørane i gruppa er NAV, Rus- og Psykisk helse, Helse Fonna, barnevern og andre aktuelle aktørar. Det er jamnlege møter, der arbeidsoppgåver og rollar vert fordelt.

6.1.3.2 “Tidleg Ute”

Eit førebyggjande forpliktande avtalt tverrfagleg samarbeid mellom Rus og Psykisk helse, NAV Ullensvang, Hardanger Lensmannsdistrikt, Hardanger barnevern, ungdomsskulane i kommunen, Odda Vidaregåande skule og LOS i Ullensvang kommune. Føremålet med samarbeidet er å hindra rusbruk mellom unge i kommunen, og vera tidleg ute ved bekymring. Målgruppa er unge i alderen opp til 24 år, men det vert alltid teke individuelle vurderingar ved nye deltakarar. Tidleg Ute er forankra i SLT – all evaluering går gjennom SLT, samstundes skal saker som gjeld enkeltpersonar videreførast til Tidleg Ute. Dei ulike tenestene arbeider saman om å finna ein god løysing til den enkelte og diskutera og dela generell informasjon frå den einskilde teneste. Kvar 4. veke samlast gruppa, samstundes er det låg terskel for kontakt utanom.

Eksempel på tiltak:

- Bekymringssamtalar
- Rustesting
- Veileidning
- Familieterapi
- Aktivitet-/tiltak.

6.1.4 Indisert førebygging

Tiltaka som vert iverksett er for personar med høg risiko eller klare teikn på utfordringar (Rundskriv Q 16/2013). Eksempel på slikt tiltak er konkrete tiltak mot ein ungdom med begynnande rusutfordringar eller symptom på psykiske vanskar. Som nemnd over er "Tidleg Ute" det utøvande organ som iverksett tiltak på individnivå. Tiltaka er individuelt tilrettelagt for kvar einskild.

Nokre av dei konkrete rusførebyggjande tiltaka er:

- Urinprøvekontrakt
- Rettleiing
- Oppfølging i bustad
- Bekymringssamtalar

6.2 Oppfølging og førebyggjing - vaksne og eldre

Kommunen sitt oppfylgingsansvar

Rusreforma vart gjeldane 1. januar 2004. Målet er å styrkja tilbodet for helseteneste og sikra heilskap i behandlingstilbodet for rusavhengige. Dei statleg regionale helseføretaka fekk overført ansvaret for rusavhengige frå fylkeskommunen, og vart spesialisthelsetenester. Dei regionale helseføretaka skal sørgja for tverrfagleg spesialisert handsaming av rusmiddelbruk, noko som omfattar avrusing, utredning og spesialisert behandling.

Den einskilde sin rett til helsehjelp vart styrkja og brukarane fekk pasientrettar på linje

med andre pasientar i helseføretaka. Det er oppretta egne vurderingseiningar, som har spesialisert seg på vurdering av pasientrettar for personar som er rusavhengige. Erfaringa er at dei som har tettast kontakt med brukarane sender henvisning til vurderingseininga - til dømes NAV, Rus- og Psykisk helse, fastlege.

Kommunen har ansvar for å hjelpa den enkelte med å koma vekk frå rusbruket. Rådgeving, rettleiing og hjelp til vedkommande sin familie, jamfør Nasjonale retningslinjer for behandling og oppfølging av personar med ROP-lidingar (Helsedirektoratet, 2012). Etter at staten overtok behandlingsansvaret for rusavhengige, er det vorte vanskelegare å få folk i behandling – dette grunna lange ventelister, korte behandlingssopphald, meir ansvar til kommunane. Kommunen skal ha oppfølging med alle uansett kva livssituasjon dei befinn seg i. Ullensvang kommune har fleire aktørar som er involvert i oppfylgginga av denne brukargruppa:

- Legesenter
- NAV
- Rus- og Psykisk Helse
- Pleie- og omsorg
- Arbeidsplassen

Alle tenestene har fokus på tverrfagleg samarbeid for effektivisering av tenesta og oppretthalda brukarmedverknad. Resultat i Brukarplan er avgjerande for å finna satsingsområdet til kommunen. Brukarplan er eit verktøy for kommunar som ynskjer å kartleggja omfanget og karakteren av helseproblematikk hjå personar med utfordringar knytt til rus- og psykiatri (Kommunetorget, 2019). Etter at kommunane Jondal, Odda og Ullensvang vart ein kommune ligg det inga nyare statistikk på antal personar med behov for oppfølging av ein eller fleire tenester i kommunen. Dette vart fyrst kartlagt i november 2021. Kommunen har fleire ulike tiltak og aktivitetar for å hindre auka rusbruk og betra den psykiske helsa, desse vert organisert av kommunen og dei aktuelle samarbeidspartane.

Underpunktta er delt inn i tiltak, aktivitet og arbeid.

6.2.1 Tiltak

Kommunen har ulike tiltak for å betra brukarane sin kvardag – hovudfokus er tverrfagleg samarbeid til det beste for brukaren. Brukarmedverknad er sentral i arbeidet med denne brukargruppa. Tiltaka som kommunen har er varierte, men har eit samla mål. Tiltaka er organisert av ulike tenester.

6.2.1.1 LAR

Legemiddelassistert rehabilitering er eit tverrfagleg, spesialisert rehabiliteringsprogram for personar som er avhengig av heroin og morfin. I 2017 vart medisinsansvaret overført frå kommunen til spesialisthelsetenesta. LAR-brukarane vert oppfylgd via oppsøkjande verksemd, heimebesøk, samtalar, skyss til lege og tiltak av dei tilsette på Rus - og Psykisk helse. Dei er ansvarlege for det koordinerande tilbodet for brukaren ift. andre tenester som NAV, LAR, DPS og andre. I desember 2020 var det om lag 30 personar i LAR Ullensvang kommune.

6.2.1.2 Oppfølging i bustad

Ein god stad å bu er viktig i arbeidet med oppfølgjing og rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar.

Kommunen har eit lovpålagt ansvar jf. Lov om sosiale tenester i Nav § 15 Boliger til vanskeligstilte: Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen skal medvirke til å skaffe boliger til vanskeligstilte personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet.

Mange av dei som har utfordringar knytt til rusbruk treng hjelp til å skaffa seg bustad og til å behalda bustaden sin. Regjeringa sine mål for det bustadsosiale området er omtala i "Bolig for velferd Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014-2020)". Måla er:

- Alle skal ha ein god stad å bu.
- Alle med behov for tenester skal få hjelp til å meistra buforhaldet.
- Den offentlege innsatsen skal vera heilskapleg og effektiv.

Rus- og Psykisk helse i Ullensvang kommune disponerer fleire bueiningar. I Jondal er det bufellsskap med 6 bueiningar med 24 timars bemanning. Andre kommunar kan kjøpa plassar av kommunen. På Rus- og Psykisk helse (gamle yrkesskulen) i Odda er det 12 bustader for personar med ulike utfordringar. Nokre av dei er rekna som akuttbustader. Desse skal vera tilgjengelige for personar som ikkje har bustad. Opphaldet skal vere kortvarig. I tillegg har både Kinsarvik, Jondal og Odda fleire omsorgsbustader og arbeidet er ambulerande.

På noverandre tidspunkt vert det arbeidd godt med buoppfølging for personar med utfordringar knytt til rus og psykiatri. I dette arbeidet er det nytta ein buoppfølgingsavtale i tillegg til leigeavtalen for bustaden. Tverrfagleg arbeid ligg til grunn for buoppfølginga. Erfaringa er at kvaliteten på rehabiliteringa er betre med ei tett og aktiv oppfølging for denne målgruppa. Ein sideeffekt er at dette reduserer kostnader med vedlikehald.

6.2.1.3 Samhandlingsteam

Samhandlingsteam vart etablert som eit prosjekt, men er no tatt inn i drifta. Dette er eit tverrfagleg samarbeid mellom Ullensvang kommune og Helse Fonna. NAV, Rus- og Psykisk helse, DPS, erfaringsmedarbeidar er nokon av aktørane i teamet. Målgruppa er personar som er avhengig av rus eller problematisk bruk av rusmiddel og psykisk lidning (dobbeldiagnose). Dei har inga vidare tilbod eller har vanskeleg for å nytta seg av det ordinære tenestetilbodet. Det skal vera låg terskel for henvisning til teamet; pårørande og politi kan henvisa. Alle henvisningane vert diskutert grundig i teamet som har styrkja det tverrfaglege arbeidet mellom tenestane, og bidreg til at brukarane er meir tilfreds.

6.2.1.4 Erfaringsmedarbeidar

Ein erfaringsmedarbeidar er ein person som har motteke helsehjelp for sine psykiske eller rusrelaterte helseutfordringar. I Ullensvang kommune er det tilsett 2 erfaringsmedarbeidarar i deltidsstillingar. Arbeidsoppgåvene er forebyggjing, deltaking i oppfølging av brukargruppa, ettervern og deltaking i ulike tiltakv og aktivitetar.

Føremålet er at erfaringsmedarbeidar sjølv har nytta tenestene, og kan sjå det frå deira ståstad. Medarbeidarane kan vere ei støtte for brukarane og belysa føremålet med oppfølginga av med dei ulike tenestene. Medarbeidarane arbeider oppsøkjande, der konteksten er avgjerande.

6.2.1.5 «Vegen vidare»

Ettervernsgruppa «Vegen vidare» er i regi av erfaringsmedarbeidaran. Fokuset er sosialt samhald og gode reflekterte samtalar. Gruppa består av tidlegare rusavhengige og føremålet er å auke deira sjølvbilete, samstundes som dei kan dela erfaringar og tankar med andre i same situasjon. Nokon tykkjer det er viktig å ha eit fellesskap og høyre til, då mange kan kjenne på ei kjensle av einsemd. Gruppa har faste møtedagar, og har fleire ulike aktivitetar. Måltid, turar, kurs er døme på aktivitetar i gruppa.

6.2.1.6 Aktivitet / arbeid

Personar som er avhengig av rus har ofte vanskar med å gjennomføra avtalt aktivitet. Utfordringane knytt til dobbeldiagnosen rus og psykiatri har stor innverknad på kvardagen. I Ullensvang kommune er det stort fokus på at alle skal få ein meiningfull kvardag. Aktivitetane er tilpassa ulike brukargrupper. Nokre aktivitetar er arbeidsretta med mål om å kome i arbeid, medan nokre er rekna som eit lågterskeltilbod som skal fylla kvardagen til den einskilde. Forskningsartikkelen «Arbeid og hobbyer betrar kvardagen til rusmisbrukarar med psykiske lidelser» (2014) tek føre seg at aktivitet kan bidra til betring for denne brukargruppa. Brukarane får høve til å kome vekk frå ruskvardagen og ha fokus på seg sjølv og si eiga mestring (Forskning, 2014). Erfaringane i Ullensvang er den same – auke av aktivitet har ført til at brukarane har utvikla eit betre sjølvbilde – samstundes har fleire erstatta kriminelle handlingar av ulik art med aktivitet / tiltak.

6.2.1.7 Kirkens Bymisjon

Ein open og inkluderande ideell organisasjon som samarbeider med byar over heile Norge. Førmålet med organisasjonen er at alle skal oppleve respekt, omsorg og rettferd (kirkensbymisjon.no). Ullensvang kommune gjer årlege tilskudd til organisasjonen med

mål om at personar som er avhengig av rus i kommunen skal få ein meiningfull aktiv kvardag. Aktivitetane er ulike, og er tilpassa brukarane sine behov.

6.2.1.7.1 Ijobb

Ijobb er eit lågterskel arbeidstiltak, det er inga krav om å vera fri for rus, men alle må møte til avtalt tid og gjennomføra det arbeidet dei vert sett til. Arbeidsgruppa plukkar boss i Odda og omegn, og driv diverse vedlikehald og flytteoppdrag frå bedrifter og privatpersonar. Målet er at dette skal vera starten på ein arbeidskarriere, samstundes som sosial fungering og rusmeistring skal vera i fokus. Tiltaket bidreg til at fleire er aktive, og vidare kjem seg i behandling og ordinært arbeid.

6.2.1.7.2 Aktiv Odda

Aktivitetstilbod for personar som har utfordringar knytt til rus og psykiatri. Tilbodet er arrangert av tilsette og frivillige på Kirkens Bymisjon, men med tett samarbeid med Rus og psykisk helse i kommunen. Målet med tilbodet er at alle skal få høve til å få ein aktiv kvardag. Samstundes er det viktig at den einskilde brukar ikkje er synleg påverka av rusmidler, då dette kan ha negativ konsekvens for andre i gruppa. Aktivitetane er varierte med fjellturar, kreative aktivitetar, båtturar og anna.

6.2.1.8 Odda By Crew

Arbeidstrening som vart oppretta i samarbeid med Odda By og tidlegare NAV Odda. Bakgrunnen for tiltaket var manglar på arbeidstrening til personar med nedsatt arbeidsevne og som fortsatt hadde utfordringar knytt til rusbruk. Samstundes er reglane at ein ikkje skal vere synleg rusa på arbeid. Målet med tiltaket er å få fleire personar i arbeid/aktivitet og færre på stønad. Tiltaket skal vera tilsvarande ordinært arbeid, men tilrettelagt og tilpassa den eninskilde brukars behov. Arbeidsoppgåvene er varierte og den enkelte brukar skal kunna ha høve til å prøve ulike oppgåver. Samstundes har dei fokus på sosial fungering der måltid som frukost og lunsj vert gjennomført i fellesskap. Det er jamnleg oppfølgingsmøter med NAV – for og kvalitetssikra tiltaket.

6.2.1.9 Oddaprodukt as

Arbeidstrening i tilrettelagt bedrift: Oddaprodukt har som målsettjning å få avklart kvar brukar til ordinært arbeid. Bedrifta samarbeider med NAV – og deltakarane er søkt inn via NAV. Personane som jobbar her har nedsett arbeidsevne og har behov for avklaring ift. arbeid. Det er jamnlege samarbeidsmøter med NAV, arbeidsleiar og deltakar, for å evaluera arbeidet. Arbeidet er variert, vaskeri, snekker oppgåver, flytteoppdrag. Ved innsøking og fyrste møte vert det avklart kva som passar brukar best. Under arbeidstreninga kan brukar endra arbeidsoppgåver i samråd med NAV og arbeidsleiar.

6.2.1.10 Anna

NAV Ullensvang har tett samarbeid med ordinære arbeidsplassar. Dette har ført til at fleire personar som har vore i tilrettelagte tiltak er klar for eit steg vidare og kan få eit ordinært arbeid, med bistand frå NAV eller på eigenhand. Fleire langtids arbeidsøklar har kome ut i ordinært arbeid.

7.0 Referansar og kjelder

<https://www.fhi.no/nettpub/hin/levevaner/alkohol-og-andre-rusmiddel--folkehe/>

<https://www.fhi.no/nettpub/hin/kortversjon/kortversjon-2018/?term=&h=1>

https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Odda_2017_Ungdomsskolen_Kommune.pdf

https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Odda_2017_Videregaende_Kommune.pdf

<https://www.ssb.no/folkfram>

<https://www.ssb.no/befolkning>

<https://ullensvang.kommune.no/?article=folkehelseoversikt-for-ullensvang-kommune-2020>

<http://www.forebygging.no/Ordbok/Q-A/Universelle-tiltak/>

<http://www.forebygging.no/Artikler/2014-2012/Foreldre-og-deres-rolle-i-det-rusforebyggende-arbeid-i-skole>